



MØTEINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 14.11.2023
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 09:00 - 11:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no

Orientering frå kommunalsjef Åse Elin Myking.

Drøfting om utvalets arbeidsform.

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
31/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
32/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
33/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
33/2023.1	Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling
33/2023.2	Politisk styringssystem og delegeringsreglement
33/2023.3	Reglement for Bygdeutviklingsutval
34/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BARNE- OG UNGDOMSKONSERT - VINTERTREFFET 2024
35/2023	Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2023 - 2026

9. november 2023

Trine Helle Simmenes
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
31/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	14.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/1308

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
32/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	14.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/1308

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Bygdeutviklingsutvalet - 19.09.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 19.09.2023
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 10:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utvalseiar
Line Eide Vik	SP	Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Arne Normann	KRF	

Andre møtande:
Tore Henrik Øye

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
17/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
18/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
19/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
19/2023.1	Samla oversyn for løyving og tildeling av bygdeutviklingsmidlar per mars 2023
19/2023.2	Oversyn for innkome søknadar og innstilling til løyving av bygdeutviklingsmidlar, september 2023
20/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL LEIKEPlass PÅ HAUGANE, STANGHELLE
21/2023	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL RASTEPLASSAR I EKSINGEDALEN



- 22/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL SHERPATRAPPER I YKSENDALEN, BYGGJETRINN 2**
- 23/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPFØRING AV UTLÅNSBU PÅ BERGO**
- 24/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GAPAHUK I BERGSØYANE**
- 25/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL SKILTING AV BYGNINGAR PÅ DALE**
- 26/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD AV KORPSHUSET PÅ DALE**
- 27/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV NOFENCE FOR BRUK PÅ GEITER SOM LANDSKAPSPLEIARAR**
- 28/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL NYTT BETALINGSSYSTEM**
- 29/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BARNE- OG UNGDOMSKONSERT - VINTERTREFFET 2024**
- 30/2023** **HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES FISKEFESTIVAL 2023**



17/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 17/2023 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

18/2023: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 18/2023 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

19/2023: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023



Behandling:

Rådgivar Tore Henrik Øye orienterte i saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 19/2023 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

19/2023.1: Samla oversyn for løyving og tildeling av bygdeutviklingsmidlar per mars 2023

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

BYG - sak 19/2023.1 Vedtak/Tilråding:

19/2023.2: Oversyn for innkome søknadar og innstilling til løyving av bygdeutviklingsmidlar, september 2023

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

BYG - sak 19/2023.2 Vedtak/Tilråding:

20/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL LEIKEPLASS PÅ HAUGANE, STANGHELLE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:



Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle Vellag For innkjøp av nytt leikeutstyr til bruk på leikeplass ved Haugane på Stanghelle.

Tilskot vert løyvd som eit fastsett tilskotsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.).

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Edvin Hesjedal (H) ber om at hans habilitet vert vurdert då hans far eig jord på det aktuelle området. Line Eide Vik (SP) leiar derfor møtet i denne saka. Bygdeutviklingsutvalet vedtek samrøystes at Edvin Hesjedal (H) er inhabil i saka. Edvin Hesjedal (H) deltok derfor ikke av avrøystinga.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 20/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle Vellag For innkjøp av nytt leikeutstyr til bruk på leikeplass ved Haugane på Stanghelle.

Tilskot vert løyvd som eit fastsett tilskotsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.).

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

21/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL RASTEPLASSAR I EKSINGEDALEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 8 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Øvre Eksingedalen Grunneigarlag til opprusting av 4 rasteplassar i dalen som grunnlag for opplevingar og rekreasjon.

Tilskotet utgjer 66 % av budsjettert og godkjend kostnad på kr. 12 400,-. Løyvinga er gjort som eit «fast» eingongsbeløp.



Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 21/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 8 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Øvre Eksingedalen Grunneigarlag til opprusting av 4 rasteplassar i dalen som grunnlag for opplevingar og rekreasjon.

Tilskotet utgjer 66 % av budsjettert og godkjend kostnad på kr. 12 400,-. Løyvinga er gjort som eit «fast» eingongsbeløp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

22/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL SHERPATRAPPER I YKSENDALEN, BYGGJETRINN 2

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 45 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stølsvegen Venelag for bygging av sherpatrapper på stølsveg/sti frå Kvile til Nesheimsnipa i Yksendalen (byggjetrinn 2)

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Det er ein føresetnad at naudsynte løyve etter aktuelle regelverk er innhenta før iverksetting.

Løyvd tilskot vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon. Det kan gjevast delutbetaling på inntil 80 %.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.



BYG - sak 22/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 45 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stølsvegen Venelag for bygging av sherpatrappar på stølsveg/sti frå Kvile til Nesheimsnipa i Yksendalen (byggjetrinn 2)

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Det er ein føresetnad at naudsynte løyve etter aktuelle regelverk er innhenta før iverksetting.

Løyvd tilskot vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon. Det kan gjevast delutbetaling på inntil 80 %.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

23/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMILDAR TIL OPPFØRING AV UTLÅNSBU PÅ BERGO

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 45 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Eksingedalen Idrettslag til oppføring av «utlånsbu» på Bergo for utlån av idretts- og turutstyr.

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Rådgivar Tore Henrik Øye orienterte i saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 23/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 45 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Eksingedalen Idrettslag til oppføring av «utlånsbu» på Bergo for utlån av idretts- og turutstyr.

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.



Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

24/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GAPAHUK I BERGSØYANE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 35 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Bergsdalen Bygdelag for bygging av gapahuk i Bergsøyane i Bergsdalen til friluftslivsføremål.

Tilskotet utgjer 25 % av budsjettert kostnad på kr. 138 700,-, inkludert verdien av dugnadsarbeid.

Tilskotet vert betalt ut som eit «fast» eingongsbeløp etter dokumenterte kostnadar.

Det er eit vilkår at samtykke frå grunneigar er innhenta, og at eventuelle, naudsynte løyve etter aktuelle lovverk, er gjevne før tiltaket vert starta opp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.). Det skal førast timelister per dag for eige arbeid.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Rådgivar Tore Henrik Øye svarte på spørsmål frå Bygdeutviklingsutvalet.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 24/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 35 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Bergsdalen Bygdelag for bygging av gapahuk i Bergsøyane i Bergsdalen til friluftslivsføremål.

Tilskotet utgjer 25 % av budsjettert kostnad på kr. 138 700,-, inkludert verdien av dugnadsarbeid.

Tilskotet vert betalt ut som eit «fast» eingongsbeløp etter dokumenterte kostnadar.

Det er eit vilkår at samtykke frå grunneigar er innhenta, og at eventuelle, naudsynte løyve etter aktuelle lovverk, er gjevne før tiltaket vert starta opp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.). Det skal førast timelister per dag for eige arbeid.



Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

25/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL SKILTING AV BYGNINGAR PÅ DALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Dale sentrumsforeining og Vaksdal historielag for å setje opp namne- og informasjonsskilt på utvald bygningar med kultur- og lokalhistorisk verdi på Dale

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Det vert føresett at huseigarane har gjeve løyve til å setje opp skilt.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 25/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Dale sentrumsforeining og Vaksdal historielag for å setje opp namne- og informasjonsskilt på utvald bygningar med kultur- og lokalhistorisk verdi på Dale

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Det vert føresett at huseigarane har gjeve løyve til å setje opp skilt.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.



26/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD AV KORPSHUSET PÅ DALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 40 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Dale Røde Kors Hjelpekorps til planlagt vedlikehald av Korpshuset på Dale.

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Mona Grenasberg (SV) ba om at hennes habilitet vart vurdert då ho er søskjenbarn av søkjar. Bygdeutviklingsutvalet vedtok samrøystes at ho ikkje er inhabil. Rådgivar Tore Henrik Øye orienterte i saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke

BYG - sak 26/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 40 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Dale Røde Kors Hjelpekorps til planlagt vedlikehald av Korpshuset på Dale.

Tilskotet vert løyvd som eit "fast" eingongsbeløp. Beløpet skal nyttast til tiltak som går fram av søknaden.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

27/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV NOFENCE FOR BRUK PÅ GEITER SOM LANDSKAPSPLEIARAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 7 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Tor-Arne Helle til innkjøp og bruk av Nofence på geiter som landskapspleiarar langs turvegen frå Hellestræ til Storafjellet.



Tilskotet vert løyvd som eit «fast» eingongsbeløp, som utgjir 47 % av budsjettert kostnad.

Det er eit vilkår at aktuelle grunneigarar har gjeve løyve til planlagt beitebruk.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.)

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 3 stemmer (H, SV, SP) mot 1 stemme (AP) og vart vedteke.

BYG - sak 27/2023 Vedtak/Tilråding:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 7 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Tor-Arne Helle til innkjøp og bruk av Nofence på geiter som landskapspleiarar langs turvegen frå Hellestræ til Storafjellet.

Tilskotet vert løyvd som eit «fast» eingongsbeløp, som utgjir 47 % av budsjettert kostnad.

Det er eit vilkår at aktuelle grunneigarar har gjeve løyve til planlagt beitebruk.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon (faktura, bilete m.m.)

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.10.2025.

28/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL NYTT BETALINGSSYSTEM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjeve bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal Underhaldningslag for å kjøpe inn nytt betalingssystem (kassaapparat) til bruk ved arrangement i regi av laget.

Grunngjevinga for avslaget på søknaden om kr. 22 500,- i tilskot, er at tiltaket det vert søkt om støtte til, ikkje kan prioriterast i høve til bygdeutviklingsmidlane sitt føremål og tilgjengelege midlar.

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:



Samrøystes vedteke.

BYG - sak 28/2023 Vedtak/Tilråding:

Det vert ikkje gjeve bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal Underhaldningslag for å kjøpe inn nytt betalingssystem (kassaapparat) til bruk ved arrangement i regi av laget.

Grunngjevinga for avslaget på søknaden om kr. 22 500,- i tilskot, er at tiltaket det vert søkt om støtte til, ikkje kan prioriterast i høve til bygdeutviklingsmidlane sitt føremål og tilgjengelege midlar.

29/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BARNE- OG UNGDOMSKONSERT - VINTERTREFFET 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet tek stilling til mogleg tilskot til barne- og ungdomskonsert ved Vintertreffet i 2024 på bakgrunn av kr. 30 000,- i frie fondsmidlar til fordeling.

Utsetjingsforslag lagt inn av Ståle Kallestad Hesjedal (AP):

Saka vert utsett til neste møte i Bygdeutviklingsutvalet

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Rådgivar Tore Henrik Øye orienterte i saka.

Røysting:

Utsetjingsforslaget fekk 3 stemmer (H, AP, SP) mot 1 stemme (SV) og vart vedteke.

BYG - sak 29/2023 Vedtak/Tilråding:

Saka vert utsett til neste møte i Bygdeutviklingsutvalet.

30/2023: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES FISKEFESTIVAL 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet vurderer tilskot til Stamnes Fiskefestival i 2023 med utgangspunkt i kr. 30 000,- i tilgjengelege fondsmidlar til fordeling.



Forslag lagt inn av Edvin Hesjedal (AP):

Bygdeutviklingsutvalet avslår søknaden frå Stamnes Fiskefestival 2023

Bygdeutviklingsutvalet 19.09.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart satt opp mot forslag lagt inn av Edvin Hesjedal (H).
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 1 stemme (SV) og falt, forslag lagt inn av Edvin Hesjedal (H) fekk 3 stemmer (H, AP, SP) og vart vedteke.

BYG - sak 30/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet avslår søknaden frå Stamnes Fiskefestival 2023



Vaksdal kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
33/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	14.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/1308

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
33/2023.1	Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling
33/2023.2	Politisk styringssystem og delegeringsreglement
33/2023.3	Reglement for Bygdeutviklingsutval

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling

LØYVINGAR I BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

- Løyving av tilskot til søknader med søknadssum under 15 000 kr kan skje i kvart møte.
- Løyving av tilskot til søknader over 15 000 kr skjer to gongar i året, mars og sept.
- Minimum søknadssum for løyving er kr 5 000.

KVA KAN DET SØKJAST OM MIDLAR TIL?

Midlane skal tildelast allmenntytige føremål, stimulera til aktivitet i bygdene, levande bygdeliv. Midlane skal koma mange til gode, skape trivsel, aktivitet og vere ope og tilgjengeleg for alle.

- Stønad til konkrete prosjekt/tiltak/aktivitet og ikkje til generell drift.
- Varige, permanente prosjekt og til hjelp ved oppstart.
- Materiell, utstyr, opprusting til ulike prosjekt.
- Stønad til kurs og kompetanseutvikling.
- Midlane kan løyvast i tillegg til andre søknadsordningar, som til dømes tildeling av spelemidler m.m.
- Prosjektet må ha planlagt oppstart i same - eller påfølgjande kalenderår som søknaden vert innvilga

Løyvinga vert gjeve som ein eingongssum. Kommunen pliktar ikkje å støtte tiltaket med vidare vedlikehaldskostnader.

KVEN KAN SØKJE MIDLAR?

- Frivillige lag og organisasjonar
- Private
- Verksemder

BU ønskjer å opne opp for at både private og bedrifter kan søkja, dersom søknaden innfrir i kriteria om kva det kan søkjast midlar til. Kven som får søke vil bli revidert av bygdeutviklingsutvalet i januar 2021.

KRITERIAR FOR TILDELING

- Geografisk spreing ved fordeling av midlar når det er mogleg.
- Prioritere bygder som ikkje har fått tildeling tidlegare.
- Søknadene vert vekta ut frå kriteria for løyvingar.

Utvalet vil ta omsyn til geografi og målgruppe ved tildeling av tilskot ved løyvingar som vert gjort to gongar i året.

KRAV TIL ALLE SØKNADAR

Søknad og dokumentasjon

- Søknad skal sendast til post@vaksdal.kommune.no
- Søknad må merkast – Søknad bygdeutviklingsutvalet
- Krav om (enkelt) budsjett og anna dokumentasjon.
- Plan for evt. vedlikehaldskostnader må søkjar legge ved.
- Dokumentasjon på eigeninnsats.
- Kva tiltaket gjeld
- Kven som har ansvar for tiltaket

KRAV TIL SAKSHANDSAMING / SAKSUTGREIING

Krav til ordinær sakshandsaming etter kommunelova. Søknadane vert handsama i tråd med retningslinene - utvalet får så saka til avgjerd.

UTBETALING

Lag/organisasjonar/verksemder (med org.nr), med plan for gjennomføring og budsjett kan det (del)utbetalast i forkant.

Privatpersonar - på bakgrunn av dokumentasjon og kvitteringar i etterkant av tiltaket/aktiviteten.

For alle som får tildelt midlar, må dokumentasjon på tiltaket sendast inn innan tre veker etter at det er fullført.

Retningslinjene vert evaluert av utvalet ved slutten av valperioden.

Vedteke i Utval for bygdeutvikling, 08.03.22, sak 03/2022

POLITISK STYRINGSSYSTEM OG DELEGERINGSREGLEMENT

Vedtatt av kommunestyret sak 05/21, 15.02.2021

Reglementet trer i kraft frå vedtaksdato. Tidlegare delegeringsvedtak vert oppheva.

Dette dokumentet blir oppdatert når kommunestyret eller andre organ som er delegert mynde frå kommunestyret gjer vedtak om endra delegering eller vidaredelegering av mynde.

Andre utval, komitear, råd og styrer som ikkje er særskilt nemnde her, og som har sine oppgåver i medhald av lov er: *Valutvalet, valstyret og andre som følgje over fast oversyn over politiske utval valt av kommunestyret etter kvart kommuneval.*

Andre dokument som gjeld det politisk styringssystemet i Vaksdal kommune er:

- Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Vaksdal kommune, Vestland, FOR 2021-02-09-447
- Reglement for kommunestyret
- Reglement for formannskapet/ plan/ økonomiutvalet og Administrasjonsutval
- Reglement for levekårsutvalet
- Reglement for kontrollutval

INNHALD

OM DELEGERING AV MYNDE I KOMMUNELOVA.....	4
GENERELLE REGLAR OG DEFINISJONAR.....	5
PRINSIPP FOR DELEGERING AV MYNDE.....	7
FRAMGANGSMÅTE FOR Å AVGJERE OM EI SAK ER PRINSIPELL.....	8
KOMMUNESTYRET.....	9
FORMANNSKAPET	10
LEVEKÅRSUTVALET	12
UTVAL FOR BYGDEUTVIKLING	13
KONTROLLUTVALET	14
ELDRERÅDET	15
RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	16
UNGDOMSRÅDET	17
ADMINISTRASJONSUTVALET	17
KLAGENEMND FOR POLITISKE SAKER.....	18
ORDFØRAR.....	19
KOMMUNEDIREKTØR.....	20

OM DELEGERING AV MYNDE I KOMMUNELOVA

- Kommunestyret: § 5-3 Kommunestyre og fylkesting.
- Formannskap: § 5-6 Formannskap. Fylkesutvalg.
- Ordfører: § 6 Ordfører. Fylkesordfører. Varaordfører.
- Utval: § 5-7 Utval
- Komunedirektør: § 13-1 Kommunedirektør

FORMÅLET MED DELEGERINGSREGLEMENTET

Formålet med delegering av mynde er å:

- Gje betre service til innbyggjarane ved raske og enkle vedtaksprosessar i heile organisasjonen
- Skape eit klart og turvande skilje mellom politikk og administrasjon. «Linja»
- Sikre ein effektiv, fleksibel og handlekraftig organisasjon
- Sikre rettstryggleik for innbyggjarane.

Det er fleire årsaker til at mynde blir delegert:

- Praktiske årsaker, kommunestyret kan vanskeleg rekke over å behandle og gjere vedtak i alle saker.
- Det krev også en del av administrasjonen å førebu ei sak til politisk handsaming, sjølv om saka er enkel.
- Forsvarleg sakshandsaming, mange saker har behov for at handsaming og vedtak vert gjort av nokon med fagkunnskap som det ikkje kan bli kravd at folkevalde har.
- Omsyn til brukarar av kommunale tenester, folk har som regel bruk for å få svar rimeleg raskt. Det tar lengre tid å ta avgjersler jo lenger opp i høgare avgjerdsnivå saka må handsamast på, og vedtak bør difor bli gjort på lågast moglege nivå.

Det er også fleire årsaker til at mynde ikkje kan – eller bør – bli delegert:

- Lov gjev ikkje høve til delegering
- Lovverket avgrensar kven som kan få delegert mynde og kva slags mynde dei ulike organ kan få:
- KommuneLOVA opnar for delegering av ulik art til: formannskap (§ 5-6), ordfører (§ 6), utval (§ 5-7), komitear (§ 5-9), styre for bedrift, institusjon og liknande (§5-10), kommunedirektør (§13-1), administrasjonsutval (§5-11), til andre rettssubjekt (§5-4) og ulike former for interkommunalt samarbeid etter §17-1. KommuneLOVA gir ikkje høve til å delegere til andre.
- Fleire særlovar har regler om delegering
- Forsvarleg sakshandsaming, saker kan vere omfattande og/eller prinsipiell, noko som tilseier at grundig handsaming med fleire aktørar, både faglege og politiske, er naudsynt.
- Demokrati, svært stor grad av delegering frå kommunestyret til enkelte politiske organ eller til kommunedirektør, kan uthola den folkevalde styringa kommunestyret skal stå for i kommune

GENERELLE REGLAR OG DEFINISJONAR

OVERORDNA

Delegering av mynde i Vaksdal kommune skal ta i vare innbyggjarar og andre brukarar av kommunale tenester sin tarv på best mogleg måte.

Delegering av mynde i Vaksdal kommune skal ta i vare omsynet til best mogeleg arbeidsdeling for å sikre heilskaplege og gode politiske prosessar frå informasjon, til initiering av saker til vedtak; «Demokrati heile vegen»

Delegering av mynde i Vaksdal kommune skal ta i vare omsynet til effektivitet og omsynet til kvalitet i avgjerder på best mogeleg måte.

Dette reglementet regulerer avgjerdsmynda til folkevalde organ og administrasjonen. Reglementet er fastsett i medhald av det kommunelova bestemmer og i medhald av særlover for utøving av kommunal mynde.

Delegert mynde skal utøvast etter gjeldande lover, siste revisjon, med gjeldande forskrifter og saksbehandlingsreglar som følgjer av god forvaltningsskikk. Ved større revisjonar av lover som medfører politisk og administrativ omorganisering av avgjerdsystemet skal delegeringsreglementet reviderast.

Delegert mynde skal utøvast lojalt og i tråd med retningslinjer gjeve av overordna organ

GENERELT

Det går fram av § 5-3 i kommunelova at kommunestyret er det øvste kommunale organ og treff vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Utover det som er vedtatt i dette reglementet gjeld også dei til ei kvar tid gjeldande styringsdokument i kommunen. Er det konflikt mellom det som er bestemt i dette reglement og andre styringsdokument har delegeringsreglementet rangen så lenge det ikkje er i strid med lov. Slike spørsmål må snarast leggast fram til handsaming så konflikten blir fjerna.

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde etter særlover til andre politiske utval/kommunedirektør dersom det ikkje uttrykkeleg er bestemt i lov eller dette reglementet at kommunestyret sjølv skal fatte vedtak.

Med vedtak meiner ein avgjerd som vert tatt under utøving av offentleg mynde og som generelt eller konkret er bestemmende for rettar eller plikter til private personar (enkelpersonar eller andre private rettssubjekt).

Med mynde meiner ein her retten til å fatte vedtak.

Å delegere vil sei å tildele andre det ansvar og den mynda som ein sjølv har. Det er verd å merke at ved å delegere mynde gjev kommunestyret anna politisk organ eller kommunedirektøren rett til å forvalte mynde som kommunestyret har. Kommunestyret fråskriv seg ikkje ansvar og mynde.

Når det gjeld delegering av ansvar og mynde frå politisk nivå til administrativt nivå, skal slik delegering gå til kommunedirektøren. Det vil vere opp til kommunedirektøren sjølv å vurdere og avgjere om ansvar og mynde skal delegerast vidare, og i tilfellet til kven.

Elles skal all delegert mynde utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglar som følgjer av til ei kvar tid gjeldande lover, føresegner, avtalar og retningsliner.

Fullført sakshandsaming skal gjennomførast i all sakshandsaming, både når det gjeld politiske og administrative arbeidsrutinar.

GOD FORVALTNINGSSKIKK

Tilsette og politikarar i Vaksdal kommune skal følgje god forvaltningsskikk i førebuing og handsaming av saker.

Ein skal ikkje bli utsett for usakleg forskjellsbehandling, openberre urimelege resultat eller oppleve at det blir tatt utanforliggende omsyn i saksbehandlinga.

Organisasjonen og kommunen legg vekt på å ha god kompetanse i forvaltningsrett

Brev, e-postar og anna arkivverdig kontakt med kommunen skal bli svara på utan ugrunna opphald, arkivverdig materiale skal journalførast og arkiverast.

Når brukarar av kommunale tenester treng det, skal dei få opplysningar og rettleiing.

Sakshandsaminga skal være forsvarleg. Den skal være grundig utan at det blir bruka meir tid og ressursar enn naudsynt.

Det meiroffentlege prinsippet skal bli følgd så langt som råd. Ein sak eller eit dokument er i utgangspunktet offentleg og skal bare vere unntatt offentleg innsyn når det er naudsynt og når det er heimla i lov.

Hovudregelen er at klagesaker ikkje vert teken opp til handsaming utan at det føreligg skriftleg klage frå den vedtaket gjeld innan lovmessig klagefrist.

PRINSIPP FOR DELEGERING AV MYNDE

DELEGERINGSREGLEMENT ET BYGGER PÅ DESSE PRINSIPPA:

Kommunestyret er det øvste organet i kommunen og har det overordna ansvaret for heile verksemda til Vaksdal kommune.

Kommunestyret slutthandsamar alle saker som er av stor *"prinsipiell betydning"* eller som er av *«sentral politisk betydning»*.

Kommunestyret handsamar alle saker som kommunelova seier skal handsamast av kommunestyret sjølv (jf. §5-3 i kommunelova). Dessutan vert andre saker handsama av kommunestyret dersom andre lover tilseier dette.

Inndraging av delegert mynde. Delegert mynde kan når som helst trekkjast attende.

Overordna organet står fritt til å krevje attenderapporteringar frå område som er delegert.

Den som har fått delegert mynde, kan overlate til overordna organ å ta avgjerder i spesielle saker.

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit underordna organ sitt vedtak i samsvar med §35 i Forvaltningslova. (vedtaket må ikkje vere til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot).

Mynde til fagpersonar/stillingar heimla i lov.

PRINSIPP FOR DELEGERING TIL FORMANNSKAPET/ANDRE POLITISKE UT VAL:

Formannskap/andre politiske utval får avgjerdsmynde i saker som etter lovverket ikkje kan delegerast til kommunedirektøren og elles slik avgjerdsmynde som er bestemt i dette reglementet.

PRINSIPP FOR DELEGERING TIL KOMMUNEDIREKTØREN:

Kommunedirektøren får fullmakt til å fatte vedtak i saker innanfor det myndeområdet som er bestemt i dette reglementet, når det gjeld kommunelova eller den enkelte særlov og når saka etter ei konkret vurdering blir sett på som å ikkje vere prinsipiell (jf. §13-1 i kommunelova).

Eit sentralt skilje i dette delegeringsreglementet, er å avgjere om ei sak er av *"prinsipiell betydning"* eller av *"ikkje prinsipiell betydning"*. Kommunedirektøren fattar vedtak i alle saker av *"ikke prinsipiell betydning."*

Kva som er "ikkje prinsipielt" vert avgjort etter ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle etter eige regelverk, jf. nedanfor.

NÅR REGLEMENTET ER TAUST:

Når delegeringsreglementet ikkje regulerer mynde på eit saksområde eller etter ei lov, ligg mynda hjå kommunestyret eller hjå den lova peikar på.

FRAMGANGSMÅTE FOR Å AVGJERE OM EI SAK ER PRINSIPIELL

Dersom det er tvil om ei sak er av *"prinsipiell betydning"*, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av *"prinsipiell betydning"* skal handsamast i det politiske systemet skal ordførar avgjerda dette, eller han kan legge saka fram for politisk organ som avgjer spørsmålet

Det kan som utgangspunkt vere nyttig i vurderinga av *"prinsipiell/ikkje prinsipiell"* sak å spørje seg om ein treng meir enn ei fagleg og/eller regelbunden vurdering eller handsaming for å ta avgjerd i saka. Kjem ein inn på politiske klart skjønsmessige vurderingar eller prioriteringar, er saka å vurdere som prinsipiell.

Det er ein føresetnad at sakshandsamar drøftar med kommunedirektøren når det er tvil om ei sak er prinsipiell eller ikkje. Er kommunedirektøren og i tvil tek ordføraren endeleg avgjerd.

Avklaringane som blir gjort gjennom handsaming av slike tvilstilfelle, utviklar ein sedvane som supplerer reglane i dette delegeringsreglementet.

Det kan lagast egne reglar (vedtekter/retningsliner) for handsaminga av bestemte sakstypar som går att med jamne mellomrom

Kjenneteikn for om saka er prinsipiell er:

- Innleier ny praksis.
- Får følgjer for handsaming av liknande saker i framtida.
- Har store konsekvensar, anten på det økonomiske eller på andre område.
- Går ut over det som er nedfelt i politisk vedteke planverk og/eller andre styringsdokument

KOMMUNESTYRET

Utgangspunktet for kommunal organisering og styring, og dermed også utgangspunktet for delegering er kommunelova: Lov om kommunar og fylkeskommunar 22. juni 2018 nr. 83 - siste versjon

Kommunestyret i Vaksdal har 21 folkevalde representantar. Etter kommunelova:

Kommunestyret er kommunens øvste organ. Med mindre det er bestemt i lov at anna organ skal ha mynde, eller kommunestyret sjølv har delegert mynde, har kommunestyret sjølv mynda.

Kommunelova avgrensar kva kommunestyret kan delegere til andre. Her er eit utdrag av dei viktigaste punkta,

- Velje formannskap og fastsette området for formannskapets verksemd.
- Velje ordførar og varaordførar.
- Opprette og legge ned utval og fastsette området for verksemda til desse.
- Opprette styre for kommunal bedrift.
- Gi mynde i hastesaker.
- Tilsette kommunedirektør og avgjere spørsmål om åremål i leiande stillingar.
- Opprette interkommunale styrer og gi slike mynde til å treffe avgjersler som gjeld verksemda si.
- Overdra tariffmynde til interkommunal samanslutning.
- Overføre mynde til vertskommune.
- Fastsette reglement for sakshandsaming i politiske organ.
- Innbyggjarinitiativ og folkeavrøysting.
- Vedta og endre økonomiplan og vedta og gjere vesentlege endringar i årsbudsjett.
- Velje kontrollorgan og tilsette revisor.
- Vedta
 - Målsetjingar
 - Økonomiplan
 - Årsbudsjett
 - Kommuneplan/delplan sin langsiktige del med handlingsplan
 - Rekneskap
 - Årsmelding
 - Planar etter særlovgjeving
 - Standard på kommunale tenester
 - Lån ut over det som er føresett i vedteke budsjett
 - Garanti for andre sine økonomiske plikter.
 - Val av kontrollutval og ordning av revisjonen, motta rekneskapsutgreiingar og utgreiingar om drifta
 - Høyring/uttale frå statleg eller regionalt organ eller andre, og som kan få vesentleg innverknad for kommunale drift.
 - Andre saker etter innstilling frå formannskap og utval

Det er også andre lover som avgjer at kommunestyret sjølv må handsame og gjere vedtak, til dømes vallova og plan- og bygningsloven.

Kommunestyret delegerer ikkje mynde til å:

- Vedta overordna planar eller andre overordna dokument for heile eller deler av den kommunale verksemda.
- Endringar i slike planar eller overordna dokument, som ikkje er vesentlege, kan likevel bli vedteke av det kommunale organ som har planen/dokumentet som del av sitt arbeids- og ansvarsområde.

FORMANNSKAPET

Formannskapet har 7 medlemmer med varamedlemmer. Formannskapet sine faste representantar og vararepresentantar skal vere faste medlemmer av kommunestyret. Ordførar er leiar og varaordførar nestleiar i Formannskapet.

MÅLSETJING

Innan rammene som vert lagt i dette reglementet og i samsvar med vedtekne reglement og forskrift for folkevalt verksemd elles, tek Formannskapet i vare lovpålagte oppgåver samt kommunestyret sitt ansvar for tenestene Vaksdal kommune gjev innan formannskapet sitt arbeids- og ansvarsområde.

Formannskapet har særleg ansvar for at det vert utarbeidd gode målsetjingar, planar og andre styringsdokument for tenestene innan utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde. Gjennom dette arbeidet, og gjennom oppfølging av administrasjonen sitt arbeid, skal utvalet bidra til at dei tenestene Vaksdal kommune gjev er så gode som råd.

I dette arbeidet har utvalet ansvar for at innbyggjarar og brukarar av kommunale tenester vert involvert.

ARBEIDS - OG ANSVARSOMRÅDE.

Formannskapet sitt arbeids- og ansvarsområde er etter kommunelova:

- Formannskapet skal behandle og innstille til kommunestyret forslag til økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding jf. §14-3.
- Hastekompetanse etter kommunelova § 11-8. Formannskapet gis myndigheit til å treffe vedtak i saker som skulle vært avgjort av anna organ, når det er nødvendig at vedtak treffest så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette.

Delegert frå Kommunestyret:

- Økonomiutval. Formannskapet handsamar alle økonomisaker av overordna art, og alle økonomisaker som krev budsjettendring skal formannskapet handsame.
- Samfunnsutvikling: Særleg ansvar for at det vert utarbeidd gode målsetjingar, planar og andre styringsdokument for tenestene innan utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde. Gjennom dette arbeidet, og gjennom oppfølging av administrasjonen v/kommunedirektør sitt arbeid, skal utvalet bidra til at dei tenestene Vaksdal kommune gjev er så gode som råd.
- Kultur (bibliotek, kulturskule, kulturarbeid, idrett og friluftsliv, kulturminne. m.m.)
- Likestillingsutval i samsvar med føresetnader i Likestillingslova
- Utval for plansaker: Formannskapet er Vaksdal kommune sitt planutval.
 - Plan- og byggjesaker
 - Kart og oppmåling.
 - Landbrukssaker (jordlov, skoglov, konsesjonslov og odelslov).
 - Miljø og naturvern i høve forureiningslova.
 - Matrikkellova.
 - Motorferdsel i utmark

Formannskapet har følgjande mynde til endeleg avgjerd når det ikkje er tenleg å kalle inn kommunestyret:

- A. Kjøp, avhending, makeskifte eller pantsetjing av fast eigedom og saker om å gje frå seg eller hefta bort noko rett i fast eigedom når eigedomen eller retten har ein verdi på mindre enn kr 5.000.000,-.
- B. Fastsetje pris når kommunestyret har vedteke at ein bestemt eigedom skal kjøpast, avhendast eller heftast bort og ikkje sjølv har fastsett prisen.
- C. Konesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia økonomisk for kommunen når verdien det er tale om er lågare enn kr 5.000.000,-.
- D. Disponere ulike disposisjonsfond som ikkje vert delegert til kommunedirektøren

Formannskapet skal handsame saker som er prinsipielle når det ikkje er bestemt at handsamingskompetansen ligg hjå anna kommunalt organ.

Andre saker som naturleg fell innanfor utvalet sitt ansvarsområde eller som ordførar pålegg det å handsame

Formannskapet har slik mynde innan sitt arbeids- og ansvarsområde:

Formannskapet tek i vare kommunestyret sin mynde innan lovverket som gjeld for utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde når det ikkje er gjort klart i lov at kommunestyret sjølv må gjere vedtak. Av dette følgjer:

- Innstillingsmynde til kommunestyret i alle saker innan utvalet sitt ansvars- og arbeidsområde.
- Avgjerdsmynde i prinsipielle saker – saker som skaper presedens for andre saker.
- Avgjerdsmynde i alle saker innan sitt arbeids- og ansvarsområde når sakene ikkje er av særleg overordna karakter eller krev kommunestyrevedtak pga. lov.
- Avgjerdsmynde i alle saker som ikkje er delegert til kommunedirektøren innan utvalet sitt ansvars- og arbeidsområde

Vedtak i utvalet kan leggjast fram for kommunestyret til vurdering dersom eit mindretal av forsamlinga krev det. Slikt krav må setjast fram før møtet er slutt

Ordførar kan elles krevja slike saker lagde fram for kommunestyret dersom han finn at vedtaket strir mot gjeldande vedtak gjort av overordna organ, eller av andre særlege grunnar.

Rapportering: Protokollar frå Formannskapet er tilgjengelege digitalt. Det vert elles synt til forskrift og til ei kvart tid vedtekne reglement for utvalet.

Andre saker som naturleg fell innanfor utvalet sitt ansvarsområde eller som ordførar pålegg det å handsame.

- Næringsarbeid – ta initiativ til nærings- og utviklingsarbeid i Vaksdal kommune i samarbeid med Vaksdal Næringssselskap. Nærings saker av økonomisk art som ikkje er delegert til Vaksdal Næringssselskap.
- Teknisk drift og kommunal drift der ansvaret ikkje er lagt til andre.
- Sivil beredskap.

LEVEKÅRSUTVALET

Utvalet har 7 medlemmer med varamedlemmer. Utvalet sine faste representantar og vararepresentantar skal vere faste medlemmer av kommunestyret. Varamedlemmer til kommunestyret kan vera varamedlemmer til utvalet. Kommunestyret vel leiar og nestleiar i utvalet.

MÅLSETJING

Innan rammene som vert lagt i dette reglementet, og i samsvar med vedtekne reglement og forskrift for folkevalt verksemd elles, tek Levekårsutvalet i vare kommunestyret sitt ansvar for tenestene Vaksdal kommune gjev innan kommunen sine velferdstenester «frå vogge til grav».

Utvalet har særleg ansvar for at det vert utarbeidd gode målsetjingar, planar og andre styringsdokument for tenestene innan utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde. Under dette kvalitetsstandardar. Utvalet skal sikre kommunestyret sitt eigarskap til gode kommunale tenester og gjennom sitt arbeid sikre heilskap i kommunale tenester. Gjennom dette arbeidet, og gjennom oppfølging av administrasjonen v/kommunedirektøren sitt arbeid, skal utvalet bidra til at dei tenestene Vaksdal kommune gjev er så gode som råd. I dette arbeidet har utvalet ansvar for at innbyggjarar og brukarar av kommunale tenester vert involvert.

ARBEIDS - OG ANSVARSOMRÅDE.

Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er:

- Helse og omsorg (Kommunale helsetenester, omsorgstenester, sosiale oppgåver og tenester, tiltak for funksjonshemma og ruspolitikk med meir)
- Folkehelse
- Oppvekst og opplæring (barnehage, grunnskule, skulefritidsordning barnevern, inkludering og vaksenopplæring med meir)
- Andre saker som naturleg fell innanfor utvalet sitt ansvarsområde eller som ordførar pålegg det å handsame

Levekårsutvalet har slik mynde innan sitt arbeids- og ansvarsområde:

Utvalet tek i vare kommunestyret sin mynde innan lovverket som gjeld for utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde når det ikkje er gjort klart i lov at kommunestyret sjølv må gjere vedtak. Av dette følger:

- Innstillingsmynde til kommunestyret i alle saker innan utvalet sitt ansvars- og arbeidsområde. I saker som krev endringar i budsjetttrammene er det naudsynt at også formannskapet (som er økonomiutval) handsamar sakene før dei går til kommunestyret.
- Tilsvarande skal planar under levekårsutvalet sitt ansvarsområde også bli lagt fram for formannskapet (som planutval) før saka blir lagt endeleg fram for kommunestyret.
- Avgjerdsmynde i prinsipielle saker – saker som skaper presedens for andre saker.
- Avgjerdsmynde i alle saker innan sitt arbeids- og ansvarsområde når sakene ikkje er av særleg overordna karakter, krev kommunestyrevedtak pga. lov eller krev auka løyvingar i budsjett og/eller økonomiplan.
- Avgjerdsmynde i alle saker som ikkje er delegert til kommunedirektøren.

Vedtak i utvalet kan leggast fram for kommunestyret til vurdering dersom eit mindretal av forsamlinga krev det. Slikt krav må setjast fram før møtet er slutt.

Leiaren kan elles krevja slike saker lagde fram for kommunestyret dersom han finn at vedtaket strir mot gjeldande vedtak gjort av overordna organ, eller av andre særlege grunnar.

Rapportering: Protokollar frå levekårsutvalet er tilgjengelege digitalt. Det vert elles synt til forskrift og til ei kvart tid vedtekne reglement for utvalet.

UTVAL FOR BYGDEUTVIKLING

Utvalet har 5 medlemmer med varamedlemmer. Utvalet sine faste representantar og vararepresentantar skal vere faste medlemmer av kommunestyret. Varamedlemmer til kommunestyret kan vera varamedlemmer til utvalet. Kommunestyret vel leiar og nestleiar i utvalet.

MÅLSETJING

Innafor rammene Innan rammene som vert lagt i dette reglementet, og i samsvar med vedtekne reglement og forskrift for folkevalt verksemd elles, skal utvalet arbeide for å ta vare på og utvikle det gode i bygdene våre.

Utvalet har særleg ansvar for

- Forvalte tilskotsordninga til prosjekt eller aktivitetar til allmennyttige føremål
- Legge til rette for dialog og samarbeid med næringsliv, organisasjonar og andre

I dette arbeidet har utvalet ansvar for at innbyggjarar og brukarar av kommunale tenester vert involvert.

Utval for bygdeutvikling har slik mynde innan sitt arbeids- og ansvarsområde:

Utval for bygdeutvikling sitt arbeids- og ansvarsområde er:

- Avgjerdsmynde til å fordele løyvde midlar til aktivitetar og allmennyttige formål.
- Avgjerdsmynde etter Stadnamnlova
- Innstillingsmynde til formannskapet om tiltak for trafikkisikring.
- Innstillingsmynde til kommunestyret i saker om klima og miljø som ikkje er delegert til andre.
I saker av økonomisk karakter skal utvalet innstille til formannskapet (som er økonomiutval) som handsamar sakene før dei går til kommunestyret.
- Legge til rette for dialog og samarbeid med næringsliv, organisasjonar og andre.
- Høyringspart i saker som gjeld bygdene
- Andre saker som naturleg fell innanfor utvalet sitt ansvarsområde eller som ordførar pålegg det å handsame

Vedtak i utvalet kan leggjast fram for kommunestyret til vurdering dersom eit mindretal av forsamlinga krev det. Slikt krav må setjast fram før møtet er slutt.

Leiaren kan elles krevja slike saker lagde fram for kommunestyret dersom han finn at vedtaket strir mot gjeldande vedtak gjort av overordna organ, eller av andre særlege grunnar.

Rapportering: Protokollar frå utvalet er tilgjengelege digitalt. Det vert elles synt til forskrift og til ei kvart tid vedtekne reglement for utvalet.

KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet har 5 medlemmer valt av kommunestyret i det konstituerande møte for heile valperioden og elles i samsvar med reglane i KommuneLOVA § 23-1, minst 1 medlem er vald av kommunestyret sine medlemmar.

Oppgåver og mynde

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjon.

Reglar for kontrollutvalet sitt arbeid, oppgåver, og mynde er fastsett i KommuneLOVA kapittel 23. Vidare er "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" er ein viktig basis for kontrollutvalet si verksemd.

Kontrollutvalet er eit særskilt kontrollorgan og ikkje eit ordinært politisk organ som kan gjere vedtak om forvaltninga si drift. Kontrollutvalet skal i følgje forskrifta ikkje overprøva politiske prioriteringar som er gjort av kommunen sine folkevalde organ. Det er heller ikkje eit klageorgan. Både ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte og talerett i kontrollutvalet.

Saksførebuing

Kontrollutvalet har eit uavhengig sekretariat som ikkje er knytt til kommunen eller til revisjonen. Sistnemnde er dei som utfører revisjon/kontroll etter bestilling frå utvalet. Kontrollutvalet sine møte vert haldne for opne dører dersom ikkje utvalet vedtek noko anna, jf. kommuneLOVA §11-5.

Innkallingar og protokollar vert gjort offentlege på kommunen si heimeside.

ELDRERÅDET

Eldrerådet er sett saman av 5 representantar (2 frå kommunestyret og 3 etter forslag frå pensjonistlaga) vald av kommunestyret

Oppgåver og mynde

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen etter kommunelova §5-12 med tilhøyrande forskrift. Eldrerådet har rett til å uttale seg i saker som gjeld eldre.

Eldrerådet har hovudfokus på overordna og overgripande saker, og skal ha til uttale følgjande saker:

- årsbudsjett og økonomiplan
- kommuneplanar
- planprogram og konsekvensutgreiingar etter plan – og bygningslova
- planar innan oppvekst, kultur og idrett, helse, pleie og omsorg, friluftsliv
- samferdselsaker og kommunikasjonsplanar
- bustadprogram og reguleringsaker

Eldrerådet skal elles ha til behandling alle saker som gjeld levevilkår for eldre og uttaler frå Eldrerådet i saker som er til handsaming i kommunale organ, skal følgja saksdokumenta som vedlegg i den vidare handsaminga heilt fram til endeleg vedtak vert gjort. I tillegg kan dei sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen.

Eldrerådet skal handsame saker i medhald av kommunelova og elles i samsvar med reglement og forskrift vedteken av kommunestyret.

Rapportering:

Møteprotokollar frå eldrerådet blir tilgjengeleg digitalt for kommunestyret

Saksførebuing

Kommunen sin administrasjon for tida v/kommunalsjef helse- og omsorg yter sekretariatshjelp til eldrerådet.

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er sett saman av 4 representantar vald av kommunestyret. 2 av medlemmane vert valde blant medlemmane i kommunestyret, 1 vert vald etter framlegg frå Vaksdal lag for funksjonshemma og 1 representant skal representera menneske med fysisk/psykisk funksjonshemming

Oppgåver og mynde

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen etter kommunelova §5-12, og skal ha til handsaming og kunna gje uttale i saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet skal ha hovudfokus på overordna og overgripande saker, og skal ha til uttale følgjande saker:

- Gje fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gje fråsegn til kommuneplan og kommunedelplanar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Gje fråsegn til saker som kommunale organ legg fram for rådet.
- Ta del i arbeid med konsekvensutgreiingar etter plan og bygningslova som gjeld kommunal verksemd.
- Ta del i planprosessar vedkommande kommunale bygg (nybygg og ombygging).

Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem menneske med funksjonshemming.

Rådet skal kvar år leggja fram melding til kommunestyret om verksemda si.

Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar.

Råd for funksjonshemma skal handsame saker i medhald av lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne og elles i samsvar med reglement vedteken av kommunestyret,

Rapportering:

Møteprotokollar frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert tilgjengelege digitalt for kommunestyret.

Saksførebuing

Kommunen sin administrasjon for tida v/kommunalsjef helse- og omsorg yter sekretariatshjelp til rådet.

UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet er sett saman av 5 representantar vald etter særskilt ungdomsval. I tillegg 2 representantar frå elevrådet ved Dale ungdomsskule

Ungdomsrådet skal handsame alle saker som er av relevant for ungdom i samsvar med kommunelova § 5-12 og eigne vedtekter for ungdomsrådet, vedteken av kommunestyret. Ungdomsrådet kan gje direkte tilråding til kommunestyret.

Rapportering:

Møteprotokollar frå ungdomsrådet blir tilgjengelege digitalt for kommunestyret.

Saksførebuing

Kommunen sin administrasjon for tida v/kommunalsjef oppvekst yter sekretariatshjelp til rådet.

ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet er sett saman av 7 arbeidsgjevarrepresentantar vald av kommunestyret –medlemmene i formannskapet - og 3 arbeidstakarrepresentantar utpeika av arbeidstakarorganisasjonane.

Administrasjonsutvalet er, i tillegg til å være Vaksdal kommune sitt administrasjonsutval etter kommunelova §5-11 og etter avtaleverket Del B §4

Handsaming av saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

- Administrasjonsutvalet foreslår og handsamar overordna retningslinjer for kommunens personalpolitikk, under dette tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv.
- Drøfting av kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak, oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformer, resultat frå KS sine kontaktar med statlege myndigheiter samt oppfølging av saker frå sentralt kontaktmøte.

Rapportering:

Møteprotokollar frå administrasjonsutvalet blir tilgjengeleg digitalt for kommunestyret.

Saksførebuing

Kommunen sin administrasjon yter sekretariatshjelp.

KLAGENEMND FOR POLITISKE SAKER

Klagenemnd for politiske saker i Vaksdal kommune har 3 medlemmer valde av kommunestyret.

Oppgåver og mynde

Den er klagenemnd etter forvaltningslova § 28 2. ledd og handsamar og avgjer klager på vedtak gjort av politiske organ

Dette gjeld ikkje saker der andre instansar, til dømes fylkesmannen, er klageinstans eller når kommunestyret har fatta vedtak. Klagenemnda sine møte vil normalt være lukka på grunn av lovbestemt teieplikt.

Klagenemnda skal, nøytralt og sakleg, vurdere om påklaga vedtak er korrekt handsama og vedteke i høve gjeldande lovar, retningsliner og andre reglar.

Saksførebuing

Kommunen sin administrasjon yter sekretariatshjelp til klagenemnda.

ORDFØRAR

Ordføraren er den fremste tillitsvalde blant kommunestyret og formannskapet sine medlemmer. Ho eller han representerer kommunen utad og er bindeledd og formidlar synspunkt mellom dei folkevalde og administrasjonen. Ordføraren leier det politiske arbeidet i kommunen.

Ordførar kan la seg representere av varaordførar eller annan kommunestyrerepresentant i representasjonsoppdrag eller i annan samanheng utan at dette betyr at vedkomande overtek ordføraren sitt ansvar eller rettar.

Etter kommunelova § 6-1:

Ordførar leiar møta i kommunestyret og formannskapet. Han eller ho er kommunen sin rettslege representant og underskriv på vegne av kommunen når slik mynde ikkje er gjeve til andre. Ordføraren er såleis kommunen sin juridiske person.

Ordførar har møte- og tale- og forslagsrett i alle kommunale organ. I kontrollutvalet har ordførar likevel berre møte- og talerett. Ordførar har berre stemmerett i organ der han eller ho er vald som medlem.

Mynde delegert frå kommunestyret etter kommunelova

- Ordførar representerer Vaksdal kommune som aksjeeigar i aksjeselskap kommunen eig aksjar i. Varaordførar er vara for ordførar når kommunestyret ikkje har vald andre til desse verva.
- Ordføraren har "sommarfullmakt" til å gjera vedtak i einskildsaker eller i typar av saker som ikkje er av prinsipielle karakter.
- Ordførar tek stilling til om klage på vedtak skal få oppsetjande verknad når vedtak er gjort av politisk organ.

Diverse:

Ordførar har fullmakt til å engasjere settekommunedirektør når kommunedirektøren er ugild.

Ordførar kan innstille i saker som skal til politisk handsaming når kommunedirektøren er ugild.

Ordførar har ansvaret for at samarbeidet mellom de ulike politiske organ blir organisert på formålstenleg måte.

Ordførar har ansvaret for at samarbeidet mellom kommunedirektøren og dei ulike politiske organ blir organisert på formålstenleg måte.

Ordførar avgjer om ei sak er prinsipiell eller ikkje, jamfør «Framgangsmåte for å avgjere om ei sak er prinsipiell eller ikkje».

Er det uklart kva eit politisk vedtak tyder, og det ikkje er tid til å leggje saka fram for organet som har fatta vedtaket, avgjer ordførar korleis vedtaket skal tolkast. Det vert her understreka at denne mynda ikkje må misbrukast, hovudregelen skal vere at vedtaket skal leggjast fram for utvalet for tolking.

Ordførar held seg til kommunedirektøren sin administrasjon gjennom kommunedirektøren. Kommunedirektør og ordførar må finna fram til tenleg organisering som tener oppgåveløysinga og utøvinga av politisk og administrativt leiarskap».

Varaordførar

Rammene for funksjonen som varaordførar, er å fungera som ordførar når ordføraren trer mellombels ut av vervet sitt eller når ordføraren har fråvær.

Er ordføraren mellombels borte frå kommunen må ho eller han varsle dersom fråværet vil føra til at vervet ikkje kan utøvast for ei viss tid. Slikt varsel vert gitt til varaordføraren, politisk sekretariat og kommunedirektør før varaordføraren trer inn i ordføraren sin funksjon. Når ordførar er forhindra å gje slikt varsel på grunn av sjukdom, vert funksjonen som ordførar tatt opp av varaordførar etter kontakt mellom kommunedirektør og varaordførar.

Varaordføraren trer inn i ordføraren sin stad når:

a. Ordføraren er sjukmeld i same omfang som ordførarvervet er sett til (100 %)

b. Det oppstår einskildhøve der ein må handla raskt og det ikkje er mogleg for ordførar å ta i vare ordførarfunksjonane. Dette gjeld ikkje mynde til å underskriva dokument på kommunen sine vegne.

Rapportering:

Vedtak ordførar gjer skal refererast for det organ som har ansvar for saksområdet.

KOMMUNEDIREKTØR

Oppgaver og mynde etter kommunelova §13-1:

Kommunedirektøren sin hovudfunksjon er å leie Vaksdal kommune sin samla administrasjon.

- Kommunedirektøren skal sjå til at dei sakene som vert lagt fram for dei folkevalde organ er forsvarleg utgreidd, og at utgreiinga gir eit faktisk og rettsleg grunnlag for å fatta vedtak, og at vedtak vert iverksette.
- Kommunedirektøren skal sjå til at kommunen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksjonar, og at det vert ført betryggande kontroll med verksemda.
- Kommunedirektøren har møte og talerett, personleg eller ved ein av sine underordna i alle kommunale folkevalde organ med unntak av kontrollutvalet.
- Kommunedirektør har det løpande personalansvaret for den enkelte, inkludert tilsetjing, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar, om ikkje anna er fastsett i lov.

Kommunedirektøren innstiller i saker som skal til politisk handsaming med mindre lov og regelverk er til hinder for dette.

Mynde delegert frå kommunestyret i samsvar med kommunelova § 13-1:

I medhald av kommunelova får kommunedirektøren mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning, under dette:

- a) Kjøp av fast eigedom der kommunestyret har vedtatt ei løyving som dekkjer kostnaden med kjøpet.
- b) Kjøp av fast eigendom der utgifta er tatt inn som ein del av finansieringa ved gjennomføring av byggeprosjekt.
- c) Sal av fast eigedom som ikkje er delegert til formannskapet iht einkvar tid vedtekne prinsipp.

Generell delegering:

- Mynde til å ta avgjerder innanfor drifta av kommunen når dette ligg innanfor rammer som kommunestyret har vedteke (budsjett, planar, retningslinjer m.v.)
- Opptre som arbeidsgjevar overfor dei tilsette på vegner av kommunestyret innanfor lov, avtaleverk og vedtekne rammer/styringsdokument.
- Tilpasse organisasjonen til overordna mål som kommunestyret har gitt, sikra forsvarleg tenesteyting og god ressursbruk
- Mynde og avgjerdsrett til økonomiforvaltning og økonomistyring innanfor gjeldande reglement og rammer som er vedtekne i kommunestyret.

Delegering etter særlover

I saker der kommunedirektøren har delegert mynde kan kommunedirektøren opptre som kommunens rettslige representant:

- kommunedirektøren kan bringe saker inn for rettsvesenet (forliksrådet og andre rettsinstansar)
- kommunedirektøren kan melde skadeverk og andre lovbrøt til politiet.
- kommunedirektøren kan, innan rammene budsjett og andre politiske vedtak gjev, inngå avtalar og
- skrive under på vegner av kommunen.

Kommunedirektøren skal ta stilling til om klage på vedtak skal få oppsetjande verknad når vedtaket er gjort administrativt.

Delegering etter særlov * ikkje uttømmande

Det delegerast til kommunedirektøren alle saker som ikkje er av prinsipiell betydning og som ikkje er delegert til anna organ, under følgjande særlover:

- a) Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108
- b) Lov om film og videogram av 15.05.1987 nr. 21
- c) Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17. 07. 1998 nr. 61

- d) Lov om barnehage av 17.06.2005 nr. 64
- e) Lov om voksenopplæring av 19.06.2009 nr. 95
- f) Lov om frittstående skular av 4.07.2003 nr 84

Kommunedirektøren er delegert all mynde, med unntak av klagesaker etter:

- a) Lov 24.06.2011 nr. 30 om kommunale helse og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven)
- b) Lov 24.06.2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven)
- c) Lov 18.12.2009 nr. 131 om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga

Kommunedirektøren er delegert all mynde som kan delegerast i henhold til:

- a) Lov 02. juli 1999 nr. 62 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykisk helsevernloven)
- b) Lov 16. juni 2017 nr. 53 Lov om endringar i pasient- og brukarrettslova, helsepersonellova m.m.
- c) Lov 02. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell mv. (helsepersonelloven)
- d) Lov av 9. mars 1973 nr 14 om vern mot tobakkskader(tobakkskadeloven)
- e) Lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester (barnevernloven)
- f) Forskrift 18. november 2011 nr. 1115 kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter.
- g) Forskrift av 27. juni 2003 nr. 792 om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene for tenesteyting
- h) Forskrift av 14. november 1988 nr. 932 om sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie
- i) Forskrift av 6.mai 1997 nr. 434 om endring i forskrift om disponering av kontantytelser fra folketrygden til trygdede i helseinstitusjoner for langtidspasienter
- j) Lov om bustøtte (bustøttelova) av 24. august 2012 nr. 64 m/forskrifter og andre boligsosiale støtteordninger

Plan- og bygningsloven (PBL) av 27.06.2008 nr. 71 med forskrifter

Kommunestyret sin mynde etter PBL, som det er høve til å delegere, vert i sin heilskap delegert til kommunedirektøren. Dette gjeld ikkje saker som er delegert til formannskapet

Forurensingsloven av 13.03.1981 nr. 6 med forskrifter

Kommunestyret sin mynde etter forureiningslova vert i sin heilskap delegert til kommunedirektøren med unntak av:

- a) Mynde etter § 34 tillagt interkommunalt akutt forurensingsutvalg
- b) Mynde etter §§ 30 og 34 til å fastsette forskrift for den kommunale renovasjonsordninga og om avfallsgebyr
- c) Mynde etter kap 9 og 10 (tvangsmulkt mm og straff).

Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven) av 13.06.1997 nr. 55

Kommunedirektøren har mynde til å behandle alle saker, unntatt klagesaker, og fatte vedtak etter serveringsloven

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven) av 02.06.1989 nr. 27

Kommunedirektøren avgjer alle saker etter alkohollov hvor mynde ikkje er delegert til Levekårsutvalet eller til annet organ.

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanlegglova) 16. mars 2012 nr. 12 m/forskrifter

Kommunestyret sin mynde etter lov om kommunale vass- og avløpsanlegg vert delegert kommunedirektøren med unntak av § 5 fastsetting av gebyr (vert gjort av kommunestyret)

Veiloven av 21.06.1963 nr. 23 med forskrifter

Formannskapet er etter lova § 9 vegstyremakt. Med heimel i lova § 9 tredje ledd vert kommunedirektøren delegert mynde i alle saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) 17.06.2005 nr. 101 m/forskrifter

Kommunestyret sin mynde etter Matrikkellova delegerast til kommunedirektøren.

Lov av 16.06.2017 nr. 65 om eierseksjoner – Eierseksjonsloven – med tilhøyrande forskrifter

Kommunestyret sin mynde etter Eierseksjonsloven delegerast til kommunedirektøren.

21.18 Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlige stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann – og eksplosjonsvernloven) av 14.06.2002 nr. 20 m/forskrifter

Kommunen sin mynde etter nevnte lov m/tilhørende forskrifter – som det er høve til å delegere - delegerast til kommunedirektøren. Viktige og prinsipielle saker skal bli lagt fram for kommunestyret. Under dette dokumentasjon av brannvesenet og planar for brannvernarbeidet.

DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) er klageinstans for vedtak truffet av Kommunestyret. For vedtak truffet av administrasjonen i henhold til delegert mynde er formannskapet (som kommunen sin klagenemnd) klageinstans, jfr forvaltningslovens § 28 annet ledd.

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) av 25. juni 2010 nr 45.

Kommunen sin mynde etter sivilbeskyttelseslova delegerast til kommunedirektøren, bortsett fra saker av prinsipiell betydning.

Lov om friluftslivet av 28.06 1957 nr. 16 m /forskrifter

Kommunen sin mynde etter Friluftslivsloven delegerast til kommunedirektøren, bortsett fra klagesaker og saker av prinsipiell betydning.

Lov om jord (jordlova) 12.05.1995 nr. 23 mfl..

Kommunen sin mynde delegerast til kommunedirektøren i alle saker, som ikkje er av prinsipiell betydning og som ikkje er delegert til andre organ, etter følgjande lover med forskrifter:

- a) Jordloven av 12.05.1995 nr. 23
- b) Konesjonsloven av 28.11.2003 nr. 98
- c) Odelsloven av 28.06.1974 nr. 58
- d) Skogbruksloven av 27.05.2005 nr. 31

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06 1977 nr. 82

Kommunen sin mynde til å fatte vedtak etter lovens § 6 delegerast til kommunedirektøren.

Lov om laksefiske og innlandsfiske av 15.05.1992 nr. 47

Kommunen sin mynde til å treffe tiltak etter lova § 12, første ledd delegerast til kommunedirektøren.

Lov av 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven)

Kommunen sin mynde til å gi forskrift om midlertidig ekstraordinær båndtvang etter lovens § 6, annet ledd pkt. f, delegerast til kommunedirektøren.

Lov av 29.05.1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven)

Kommunen sin mynde til å fatte vedtak i alle saker etter viltloven som ikkje er av prinsipiell betydning, delegerast til kommunedirektøren

Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven) 18.06.1965 nr. 4

Kommunen sin mynde etter vegtrafikkloven med forskrifter delegerast til kommunedirektøren i saker som ikkje er av prinsipiell betydning og som det er høve til å delegere.

Forvaltningsloven av 10.02.1967 § 42 m.m.

Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å ta avgjerd om utsett iverksetting der kommunedirektøren er definert som underinstans i lova sin forstand. Kommunedirektøren får vidare mynde til å avgjere (under dette klagesaker) krav om sakskostnader etter forvaltningslova § 36

Lov om havner og farvann av 21.06.2009 nr. 70

Kommunestyrets og formannskapet sin mynde etter havneloven delegerast kommunedirektøren i einskiltsaker. Unntatt er større saker og saker av prinsipiell karakter.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) 19.06.2009 nr. 100

Kommunen sin mynde etter Naturmangfoldlova delegerast til kommunedirektøren i saker som ikkje er av prinsipiell betydning og som det er høve til å delegere.

Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) av 24.11.2000 nr. 82 m/forskrifter

Kommunen sin mynde etter vannressurslova delegerast til kommunedirektøren i saker som ikkje er av prinsipiell betydning og som det er høve til å delegere.

Lov om kulturminner (kulturminneloven) av 09.06.1978 nr. 50

Kommunen sin mynde etter kulturminnelova delegerast til kommunedirektøren i saker som ikkje er av prinsipiell betydning og som det er høve til å delegere.

REGLEMENT FOR BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

1. SAMANSETJING OG VAL

Utvalet skal ha fem medlemar inklusiv leiar og nestleiar. Medlemene blir valde blant medlemene i kommunestyret i samsvar med prinsipp om gjennomgåande representasjon.

2. ARBEIDS- OG ANSVARSOMRÅDE

Utvalet sitt ansvar går fram av delegeringsreglement vedteken av Vaksdal kommunestyre.

3. AVGJERDSMYNDE OG INNSTILLINGSRETT

Utvalet har avgjerdsrett i alle saker innan sitt arbeidsområde, med dei avgrensingar som følgjer av lover og delegasjons- og budsjettreglement. Utvalet har innstillingsrett i alle saker som fell innanfor arbeidsområdet til utvalet, og som utvalet ikkje har avgjerdsrett i.

4. MØTEPRINSIPP

Folkevalde organ fattar sine vedtak i møte, jfr KommuneLOVA § 11-2.

5. MØTE- OG ANKERETT

Ordførar og kommunedirektør har møterett i kommunale organ i samsvar med reglane i kommunelova. Vedtak i utvalet, unnateke einskildvedtak, kan leggjast fram for kommunestyret dersom minst 1/3 av utvalet krev det. Krav om dette må setjast fram før møtet er slutt. Utvalsleiar og kommunedirektør kan krevja at slike saker vert lagt fram for kommunestyret. Dei kan gjere dette dersom dei finn at vedtaket strir mot gjeldande vedtak gjort av overordna organ eller av andre særlege grunnar.

6. INNKALLING TIL MØTE

Utvalet vert som regel kalla inn til møte med ein frist på 7 dagar. Saksdokumenta vert publisert samstundes med innkallinga.

7. MØTETIDSPUNKT

Kommunestyret vedtek møteplan for møta i Bygdeutviklingsutvalet for eit halvt år om gongen. Bygdeutviklingsutvalet kan i tillegg halde møte når utvalsleiar eller utvalet ved alminneleg fleirtal vedtek det. Gjeldande praksis for møte i folkevalde organ i Vaksdal er at: Møta i bygdeutviklingsutvalet skal i hovudsak vera innanfor tidsramma kl. 08.00-10.00.

8. INNKALLING TIL MØTE

Ordfører, utvalsleiar og kommunedirektør koordinerer framlegg til sakliste og oversyn over saker som skal til handsaming, også prosessaker. Utvalsleiar kallar inn til møte og set opp sakliste for kvart møte, Jfr. Kommunelova § 11-3. Der det er spørsmål om ei sak, avgjer utvalsleiar om den skal stå på saklista eller ikkje. Kommunedirektøren skal sjå til at dei sakene som vert sett opp på saklista er forsvarleg utgreidd. Jfr. kommuneloven § 13-1. Innkallinga vert kunngjort på nettsida til kommunen samstundes som ho vert gjort elektronisk tilgjengeleg for representantane.

Dokument unnateke offentlegheit

Dokument som ikkje kan offentleggjerast skal berre gjerast tilgjengeleg for faste medlem av utvalet, og møtande varamedlem. Det skal gå tydeleg fram av dokumenta at dei ikkje kan offentleggjerast og dei som mottok slike dokument må sørge for at dei ikkje kjem på avveggar.

9. MØTEPLIKT/FORFALL

Det er plikt for medlemne å møte i utvalet. Arbeidstakar har krav på fri frå arbeid i det omfang dette er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale organ. Jfr Kommunelova §8. Dersom ein representant har gyldig forfall, skal han/ho sjølv gi melding til vararepresentanten. Kriteria for gyldig forfall er strenge. Gyldige forfallsgrunnar er:

- Sjukdom
- At representant ikkje kan setje til side viktig arbeid eller plikter,
- Tenestereise som ikkje kan endrast på
- Andre tungtvegande grunnar

Ferie, arrangement og møte i andre råd eller utval er ikkje godkjente forfallsgrunnar til kommunestyret, formannskapet og komiteane. Unntak er møte i utval på høgare nivå som Fylkesting eller Storting. Administrasjonen skal ha melding om kven som møter. Representantane skal også melda ifrå til politisk sekretariat på førehand dersom nokon er inhabil, og ikkje kan delta i handsaminga av ei sak. Vararepresentant skal berre kallast inn ved behov og i samråd med gruppeleiar. Om nokon på grunn av lovleg forfall må forlate møtet under drøftingane, skal han/ho straks melda ifrå til møteleiaren. Vararepresentant vert kalla inn dersom det er praktisk mogeleg. Når ei sak er teken opp til avrøysting kan ingen ta plass i møtet før saka er avslutta. Eit folkevalt organ er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades under forhandlingane og stemt i vedkommande sak, jfr kommunelova § 11-9.

10. OPNE MØTE ELLER LUKKA DØRER

I samsvar med kommunelova er møta i utvalet ope dersom ikkje noko anna føl av lovbestemt teieplikt eller utvalet vedtek at møtet skal lukkast. Når omsynet til personvern eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier det, kan eit folkevald organ vedta å handsama ei sak for lukka dører, jfr KommuneLova § 11-5. Debatt om dette skjer for lukka dører dersom møteleiar krev det, eller det blir gjort vedtak om det. Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

11. PROTOKOLLFØRING/REFERAT

Det skal førast protokoll frå møta. Utvalsleiar eller fungerande møteleiar ser til at dette vert gjort.

I møteboka skal førast inn:

- Eventuelle protestar mot innkalling og sakliste
- Møtetid og -stad
- Dato og måte for innkallinga
- Fråverande medlemar
- Møtande varamedlemar
- Namn på medlemar og varamedlemar som kjem og går under møtet og med oppgåve over når i møtet det skjedde
- Oversyn over kven som møter frå administrasjonen
- Saker nummerert i rekkjefølgje for året
- Kort nemning for kvar sak og kva ho gjeld
- Det som trengst for å visa gangen i behandlinga
- For kvar sak kva framlegg som er reist
- Det som trengst for å visa at vedtak vert gjort etter rett framgangsmåte
- Kva vedtak som er gjort og kva avrøystingar som er haldne

Ein representant kan krevja å få innført merknad til ei sak i møteboka (protokollmerknad). Slik merknad må fremjast skriftleg. Protokoll frå møtet vert sendt til utvalsmedlemane saman med innkalling til påfølgjande møte. Merknader til møteboka kan fremjast under godkjenning av møteboka i påfølgjande møte.

12. SAKSGANGEN I MØTE

Sakene som er nemnde i innkallinga vert teke opp til handsaming i den rekkjefølgje som det går fram. Utvalet kan vedta ei anna rekkjefølgje. Eventuelle førespurnader vert tekne opp til slutt i møtet.

13. FØRESPURNADER

Utanom dei saker som står i innkallinga til møtet kan kvar av dei som er kalla inn til møtet kome med førespurnader retta til utvalsleiar.

14. SAKSORDFØRAR

I saker som skal vidare til vidare til kommunestyret kan utvalet velje saksordførar. Medlemane i utvalet bør veksle på å vere saksordførar. Oppgåvene til saksordførar vil vere:

- Setje seg spesielt godt inn i saka med omsyn til det politiske aspektet
- Vere pådrivar
- Gjere greie for den politiske handsaminga i utvalet til kommunestyret

15. FORVALTNINGSKLAGE

Klage på einskildvedtak vert handsama etter reglane i forvaltningslova. Utvalet skal handsame klage på vedtak som er fatta av utvalet sjølv, eller av administrasjonen, etter delegasjon før saka vert oversendt klageinstansen.

16. ÅRSRAPPORTERING

Utvalet lagar årsrapport/årsmelding innan 01.03 påfølgjande år. Elles legg utvalet fram rapportar som kommunestyret ber om.

17. SEKRETARIAT/SAKSFØREBUING

Kommunedirektøren har ansvar for at sakene er så godt førebudde som mogeleg. Alle saksframlegg og alle innstillingar er kommunedirektøren sine. Dei skal godkjennast av kommunedirektøren eller av den ho/han gir mynde til. Kommunedirektøren vel ein sekretær for utvalet. Politisk sekretær er mottakssentral for saker til politisk behandling, og har ansvar for å førebu sakene til møta i politiske organ. Politisk sekretær har ansvar for møteprotokollen.

18. KRAV OM Å FÅ TA OPP ATT EI SAK SOM ER AVGJORT

Utvala, eller andre organ med direkte framleggsrett til kommunestyret, kan avvisa krav om ny drøfting av saker som er lovleg avgjorte av det same kommunestyret dersom kravet kjem før det er gått 3 månader frå den dagen kommunestyret gjorde endeleg vedtak i saka.

Dette gjeld ikkje dersom krav om ny drøfting av saka kjem frå Statsforvaltaren, eit departement, eller saker som vert fremja etter § 27.1 i KommuneLOVEN.

19. FOLKEVALDE SIN RETT TIL INNSYN

Kommunestyret har rett til innsyn i alle kommunale saksdokument med mindre dei er avgrensa av anna lovverk, jfr. KommuneLOVA § 11-13.

Kommunestyret skal sjølv fastsetje eit reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er til behandling, jfr. kommuneLOVEN §§ 11-13.

Rett til innsyn

Kommunestyret har, som overordna organ for all verksemd i kommunen, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument etter prinsippet om meiroffentlegheit, jfr. OffentlegLOVA §2.3, jfr. KommuneLOVA § 11-13. med dei presiseringar som følgjer av reglane under.

Bygdeutviklingsutvalet og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet behandlar. Kontrollutvalet har sjølvstendig innsyn jfr. KommuneLOVA § 23-2 jfr. § 23-6.

Tidspunkt for rett til innsyn

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagt / sendt til politisk behandling. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokument som er innsendte, innhenta eller utarbeidd i samband med saka. Unntak er interne arbeidsdokument for administrasjonen. For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt.

Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel, ved fleirtalsvedtak, krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved behandling av ei konkret sak i organet, jfr. forvaltningsLOVA §13 b, nr 2 og 4. Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov.

Om ei sak vert behandla for stengde dører etter kommuneLOVA §11-5, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov. Medlemer av folkevalde organ underskriv ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt.

20. REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET

I tillegg til føresegna i dette reglementet gjeld reglement for kommunestyret elles så langt det passar. Det gjeld i alle høve pkt 2, 3, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 20, 21, og 23.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
29/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.09.2023
34/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	14.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V12, FE-223	23/1198

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BARNE- OG UNGDOMSKONSERT - VINTERTREFFET 2024

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Barne- og ungdomskonsert

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet tek stilling til mogleg tilskot til barne- og ungdomskonsert ved Vintertreffet i 2024 på bakgrunn av kr. 30 000,- i frie fondsmidlar til fordeling.

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 29/2023

BYG - Behandling:

Rådgivar Tore Henrik Øye orienterte i saka.

Røysting:

Utsetjingsforslaget fekk 3 stemmer (H, AP, SP) mot 1 stemme (SV) og vart vedteke.

BYG - Tilråding/Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte i Bygdeutviklingsutvalet.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 265 000,- til fordeling ved søknadsrunden i september 2023, inkludert restmidlar frå tidlegare søknadsomgangar (kr 15 000,-). Samla sett er det søkt om kring kr. 760 000,- i tilskot, fordelt på 11 søknadar.

I søknad av 26.08.23, søker Vaksdal Underholdningslag om kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av barne- og ungdomskonsert på «Vintertreffet» i 2024.

Vintertreffet har tidlegare fått tildelt høvesvis kr. 50 000,- (2023) og kr. 10 000,- (2021) i tilskot.

Kommunedirektøren si vurdering er at årlege festivalar som hovudregelen berre kan få tilskot til tiltak som utviklar programmet (nyskapingar og liknande). Dette har også vore utgangspunktet for Bygdeutviklingsutvalet si handsaming av slike saker.

Kommunedirektøren ber Bygdeutviklingsutvalet ta stilling til søknaden om tilskot til barne- og ungdomskonsert under Vintertreffet 2024, ut frå kr. 30 000,- i frie/disponible fondsmidlar.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har lyst ut ny søknadsrunde for Bygdeutviklingsmidlane, med kr. 265 000,- til rådvelde, i tillegg til restmidlar frå tidlegare tildelingar (kr. 15 000,-).

Det kom inn 11 søknadar, med ein samla søknadssum på om lag kr. 760 000,- (omtrentleg overslag).

Målet med bygdeutviklingsmidlane er å skape opplevingar og aktivitetar som er opne og tilgjengeleg for alle, og som skapar trivnad i bygdene. I dette høvet kan lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar søkje om tilskot til prosjekt eller gjeremål med ålmennyttig verdi.

I søknaden frå Vaksdal Underholdningslaget vert det søkt om kr. 50 000,- i tilskot til gjennomføring av barne- og ungdomskonsert på Vintertreffet i 2024. Det går fram at slike konsertar er gjennomført tidlegare, men ikkje dei siste åra, grunna økonomi. No ønskjer underholdningslaget å gjeninnføre tiltaket, for å kunne gje tilbod til den yngre generasjonen.

Årsaka til at det vert søkt om bygdeutviklingsmidlar, er den kraftige prisauken ved å leige inn artistar dei siste åra, i tillegg andre utgifter som lys, lyd og liknande. Arrangøren ser det difor som naudsynt å søkje om ekstern finansiering for å kunne trekkje til seg kjende namn. I dette høvet løyvde Bygdeutviklingsutvalet kr. 50 000,- i tilskot til fjorårets arrangement, som underskotsdekning.

Det er ikkje lagt ved kostnads- og finansieringsplan for barne- og ungdomskonserten.

Formelt grunnlag

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar

I følgje bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer, skal midlane brukast til ålmennyttige føremål og leggje til rett for aktivitet i bygdene, med varierte opplevingar og levande bygdeliv. Her kan det mellom anna gjevast tilskot til konkrete prosjekt, tiltak og aktivitetar, men ikkje til generell drift. Det kan også gjevast tilskot til permanente prosjekt i tunge fasar.


Bygdeutviklingsutvalet har ved tidlegare høve, handsama søknadar og gjeve tilskot til årlege festivalarrangement i kommunen. Desse søknadane har vore grundig vurdert av administrasjonen, og drøfta inngåande i utvalet, mellom anna i høve til tilgjengelege tilskotsmidlar og løyving til andre tiltak det er søkt om støtte til.

Bygdeutviklingsutvalet har avgrensa midlar til fordeling, og innstillinga frå Kommunedirektøren i tidlegare saker, har vore å berre gje eitt tilskot per festival (eitt festivalår), med mindre festivalane har klare nyskapingar og utviklingstrekk på programmet, med ekstra finansieringsbehov. Grunngevinga har i tillegg vore at fleirårige løyvingar til vidareføring av «det eksisterande», vil kunne vere tilskot til drift, som ikkje skal gjevast i følgje retningslinene.

Fram til no har Vintertreffet, Daledagane og Stamnes Fiskefestival fått tilskot ein gong kvar, medan Elvebrus har fått tilskot to gonger.

Som nemnd er ei viktig årsak for søknaden om tilskot barne- og ungdomskonserten, auka utgifter ved drift og gjennomføring, som truleg vil vere gjennomgåande for dei fleste festivalarrangementa i kommunen. Dette stiller krav til tilpassing og økonomistyring.

Kommunedirektøren tek ikkje stilling til om gjeninnføring av barne- og ungdomskonsert på Vintertreffet i 2024, representerer ei utvikling og nyskaping som gjev grunnlag for tilskot. I dette høvet ber vi Bygdeutviklingsutvalet vurdere mogleg bruk av inntil kr. 30 000,- i frie fondsmidlar til tiltaket.



Vaksdal Underholdningslag
v/ Pia Therese Njaastad Mæland
Skulstadvegen 46, 5263 Trengereid

Bygdeutviklingsutvalet
Vaksdal Kommune

26.08.2023

Søknad om midlar til Barne- og ungdomskonsert

Vaksdal Underholdningslag vil med dette søkje om 50.000 kr. til å arrangera barne- og ungdomskonsert under Vintertreffet 2024.

Bakgrunn for søknad:

Vaksdal Underholdningslag vart skipa hausten 2004, men dei same personane har arrangert konsertar på Vaksdal sidan 1997. Laget er allmenntilgjengleg, registrert i Frivillighetsregisteret, med det føremål å få nasjonale og lokale artistar til Vaksdal. Johnny Logan, Åge Aleksandersen, DDE, Hellbillies, Halvdan Sivertsen, Tor Endresen, Return, Sigvart Dagsland og Vamp er døme på nokre av artistane som har vore på Vaksdal i regi av Vaksdal Underholdningslag, i tillegg til dei mange lokale artistane og musikarane frå Vaksdal kommune.

Me har diverre erfart at det år for år har blitt vanskelegare å gjennomføra Vintertreffet reint økonomisk. Eit døme på det er fjorårets arrangement som hadde eit underskot på 87.994 kr. Årsaka til at det vert vanskelegare å arrangera er mange, og ikkje noko som er spesielt for Vintertreffet og Vaksdal. For det fyrste har prisen på nasjonale artistar auka kraftig år for år og det same har utgiftene til andre ting som til dømes lyd og ljós. Barne- og familiekonserten vart diverre tatt vekk frå programmet for nokre år sidan fordi vi ikkje fekk inntektene til å vege opp for utgiftene, men vi ynskjer sterkt å kunne tilby noko for den yngre generasjonen også.

Håpar på positivt svar!

Med venleg helsing

Pia Therese Njaastad Mæland
Leiar Vaksdal Underholdningslag



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
35/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	14.11.2023
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Knut Trefall	FA-Q80, FE-113	22/512

Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2023 - 2026

Vedlegg:

Barnetråkk 2022 - Kunnskapsgrunnlag

Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2023 - 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2023 – 2026 vert vedteke slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bakgrunn for saka

Prioriterisliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2023 – 2026 vert no lagt fram for politisk handsaming.

Trafikktryggleiksplan for Vaksdal kommune 2022 – 2025, vedteke i 2022, har som målsetting at det skal vera null drepne og null hardt skadde i trafikken i Vaksdal kommune. I planen står det at kommunen skal:

- *Årleg utarbeide prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak på kommunal veg, og gjennomføra desse innanfor eksisterande økonomiske rammer.*
- *Ha ei prioriteringsliste for trafikktryggleikstiltak på fylkes og riksveg, og med årleg rullering.*

Prioriteringslista for fysiske trafikktryggleikstiltak 2023- 2026 gjev ei heilskapleg oversikt over utfordringane langs vegane i Vaksdal kommune, og inneheldt tiltak retta mot skuleelevar og mjuke trafikantar som kommunen skal arbeide for å gjennomføre.

Kommunen har ansvar for å følge opp prioriteringar på kommunale vegar, medan fylkeskommunen og Statens vegvesen tar utgangspunkt i kommunen sine trafikktryggleiksplanar når dei gjer prioriteringar på deira vegar.

Kommunen kan søkje om midlar til trafikktryggleikstiltak hos staten og fylkeskommunen. For å få tildelt midlar frå fylkeskommunen er oppdatert trafikktryggleiksplan eit kriterium.

Overordna om planen

Prioriteringslista vart fyrst utarbeidd i 2022. Ålmenta vart invitert til å sende inn innspel til fysiske trafikktryggleikstiltak i nærområdet gjennom kunngjering i Vaksdalposten, på sosiale medium og kommunen si nettside. Det vart og sendt ut invitasjon til skular, barnehagar og «vel- foreiningar», og medverknadsmetoden «Barnetråkk» vart gjennomført.

Prioriteringslista som no vert lagt fram er revidert. Nye innspel frå 2023 er tatt inn og vurdert, og gjennomførte tiltak er fjerna frå investeringsplanen.

Prioriteringslista inneheldt ein oversikt over punkt og strekningar langs vegane i Vaksdal kommune der det er behov for fysiske trafikktryggleikstiltak. Utfordringane er fordelt på dei fem skulekrinsane i kommunen og framstilt på kart og i tabell. Totalt er 56 utfordringar kartfesta. Prioritering av utfordring/tiltak er gjort med fokus på mjuke trafikantar, at skuleelevar skal ha ein trygg skuleveg, og er sortert i kategoriane høg, middels og lågare prioritet. Tiltak av middels- og høg prioritet på kommunal veg vert til slutt kostnadsberekna og framstilt som ein investeringsplan, sjå tabellen under eller prioriteringslista side 22. Utfordringar på fylkeskommunale vegar vert vidareformidla til fylket.

Investeringsplan

Kategorien «mindre kostbare tiltak» i investeringsplanen består av ein samlepott for prioriterte tiltak med ein kostand under 100.000 kr. Dette gjeldt tiltak nr. 11, 38, 50, 54 og 55. Det vert søkt tilskot for samtlige tiltak i investeringsplanen.

Investeringsplan for tiltak på kommunale vegar						
Nr	Veg	Tiltak	Kostnad	2024	2025	2026
43	Stavenesvegen	Redusert fartsgrense og fartshumpar	140	140		
	Mindre kostbare tiltak		260	95	85	80
Sum				235	85	80
Potensielt trafikktryggingstilskot (inntil 50 %)				117,5	42,5	40
Kommunale kostnader			400	235	85	80

I 2022 fekk Vaksdal kommune tilskot til gjennomføring av tiltak 32, redusert fartsgrense langs Stamnesvegen. Fleire av tiltaka det vart søkt tilskot til vart nemnt som gode tiltak, men nådde ikkje opp i fylkeskommunen sin prioritering. Av i alt 69 søknadar frå kommunar i Vestland, løyva fylkeskommunen tilskot til 22 stk.

Sidan tildeling av tilskot ikkje er ei sjølvfølge rår kommunedirektøren til at alle kostandane vert budsjettert slik at tiltaka kan gjennomførast, sjå investeringsplanen.

Formelt grunnlag

KOM 104/2020 Planstrategi 2020-2023

KOM 42/2022, Trafikktryggleiksplan for Vaksdal kommune 2022 - 2025

Vurdering og konsekvensar

Økonomi:

Å gjennomføre tiltaka frå investeringsplanen vil medføre ein kostand for kommunen. Det vil bli søkt om midlar frå fylkeskommunen. Innvilga tilskot kan dekkje opp til 50 % av totalkostnaden for tiltaket.

Folkehelse og klima:

Dei prioriterte tiltaka er hovudsakleg retta mot mjuke trafikantar og skuleelevar, og støttar opp om delmålet «det skal vere trygt, effektivt og miljøvenleg å ferdist på veg, bane og som mjuk trafikanter» i kommuneplanen sin samfunnsdel. Tiltaka vil og vere viktige i arbeidet med å nå målsettinga i trafikktryggleiksplanen om null drepne og null hardt skadde i trafikken.

Auka trafikktryggleik og tilrettelegging for mjuke trafikantar er viktige tiltak i eit klima- og folkehelseperspektiv. Fleire innbyggjarar som går og sykklar fører til at fleire heldt seg aktive, og ved at færre vel bilen som framkomstmiddel vil klimagassutsleppa bli redusert.


Eit samfunn med auka trafikktryggleik, betre folkehelse og reduserte klimagassutslepp er attraktivt for innbyggjarar og potensielle tilflyttarar.



VAKSDAL KOMMUNE

Barnetråkk i Vaksdal kommune

2022



09.2022


Innhold

Barnetråkkregistreringar i Vaksdal kommune.....	3
Eksingedalen oppveksttun (4.-9. klasse)	3
Stamnes oppveksttun (5.-6. klasse).....	5
Barnetråkkregistreringar på Stanghelle (5. og 7. klasse).....	7
Barnetråkkregistreringar på Vaksdal (5. og 7. klasse)	13

Barnetråkkregistreringar i Vaksdal kommune

Barnetråkkregistreringane vart gjort våren og hausten 2022. Dokumentet syner framstilling av registreringane gjennom kart og tabell.


Eksingedalen oppvekststun (4.-9. klasse)



Kva/kvar	Symbol	Kommentar
Fv 123	Vil ende Mørkt Ønske Fin utsikt Sykling *3 Aking Skolevei	«Litt dårleg veg for å bruka sykkel eller scooter» «Fartshump» «Eg pleier å sykle opp hit» «Sykling på fritida» «Fin sykkelveg» «Køyrer til skulen med bil» «Skuleveg buss innimellom sykkel»
Eksingedalen oppvekststun	Leikeplass * 3 Møteplass * 3 Liker	«Leikeplassen på skulen»
Ballbana	Ballspill *3 Møteplass	
Bakkane bortanfor bana	Aking *2 Ski * 2	
Bergovatnet	Fin skog *2 Liker*2 Skøyter	
Almane	Fin utsikt*3	«Kultatoppen»

	<p>Møteplass</p> <p>Fint sted</p>	<p>«I almane er det fin utsikt på mange stader»</p> <p>«Almane har ein god mengd fin skog»</p> <p>«På friluftsgruppene er det mykje å gjere saman»</p>
Nesheim	<p>Fin skog</p> <p>Svømming*2</p> <p>Fint sted*3</p> <p>Aking*2</p> <p>Ski*3</p>	<p>«20 meter skogen»</p> <p>«Koslastranda»</p> <p>«Her bur bestemor og bestefar»</p> <p>«Her bur eg, og det er eit fint sted»</p> <p>«Eg pleier å ake i Storebakken»</p> <p>«Eg pleier å stå på ski i Storebakken»</p> <p>«Eg pleier å stå på ski i skiløypa»</p>
Nesheim kyrkje	<p>Fin bygning</p> <p>Møteplass</p>	<p>«Her er kyrkja»</p>
Haugen	<p>Fint sted</p>	<p>«Fin stad 😊»</p>
Flatekval	<p>Skøyter</p> <p>Skolevei</p>	<p>«Tur med hunden»</p>

Stamnes oppvekststun (5.-6. klasse)




Stad	Symbol	Kommentar
Toskedalen	Svømming*2	«Bra svømme plass» «Bra svømme plass»
Sanddalen	Liker	«Her bur eg og har det veldig kjekt»
Kallestad	Ski Aking Fint bygg Fin skog	«Huset mitt er fint» «En fin skog på eit fjell»
Middagshaugen	Fin utsikt*2	«Fin utsikt frå Middagshaugen, eg kan sjå huset mitt»
Kallestadbrua	Møteplass	
Oterstadneset	Fin bygning Liker Fin utsikt Fin skog	«Fin skog og fin tur»
Tjødnane	Skøyter	
Stamnes/nord	Svømming*2 Støy Vil endre	«Her pleier me å bade» «På Stamnes motorverkstad det kan vere litt høg lyd av og til» «Her må det endrast fordi da blir so masse olja i sjøen utanfor huset mitt og andre sine hus. Det er dårleg for fiske og miljøet»
Stamnes/sentrum	Lekeplass*2 Fin park Møteplass*3	«Mange pleier å møtast der» «Fin plass» «Møtes på butikken»


	<p>Sykling*3</p> <p>Fint sted</p>	<p>«Her møter eg vennar 😊»</p> <p>«Her er eg med venner»</p> <p>«Bra sykkelplass»</p> <p>«Her sykla eg»</p> <p>«Det er fint å sykle her»</p> <p>«Her er det fint å sykle med venner»</p>
Stamnes/aust/ Grupevegen	<p>Aking*2</p> <p>Fin bygning</p> <p>Møteplass</p> <p>Sykling</p> <p>Ski</p>	<p>«Her pleier eg og vennane mine å aka»</p> <p>«Da e eit veldig fint og minnerikt hus for mange»</p> <p>«Her pleier nokon å møtast»</p> <p>«Her sykler me av og til»</p> <p>«Her står me og på ski»</p>
Stamnes oppveksttun	<p>Lekeplass*3</p> <p>Ballspill*5</p> <p>Vil endre</p> <p>Fint sted*2</p> <p>Liker</p> <p>Møteplass</p> <p>Mørkt</p>	<p>«Finfin leikeplass»</p> <p>«Det er ein veldig fin leikeplass»</p> <p>«Her er det leikeplass»</p> <p>«Bra ballbinge»</p> <p>«Her speler eg fotball»</p> <p>«Eg vil ha mjukare kunstgras»</p> <p>«Skolen min er fint»</p> <p>«Det er gøy»</p> <p>«Liker meg på skulen med det hadde vert gøy med nytt kunstgras i ballbinga det som er no er ned tråkka og steinhardt»</p>
Hesjedalen	Skøyter	«Bra skøyteplass»
Straume	<p>Fin utsikt*2</p> <p>Fin skog</p> <p>Fint sted</p> <p>Aking</p> <p>Sykling</p> <p>Skateboard</p> <p>Fin bygning</p> <p>Liker*2</p> <p>Vil endre</p>	<p>«Liker å fiske»</p> <p>«Laga ein leikeplass!»</p>
Skipshelleren	<p>Liker</p> <p>Fin park*2</p>	
Husafjellet	<p>Fin skog</p> <p>Liker</p> <p>Fin utsikt</p>	<p>«Det er ein veldig fin skog»</p> <p>«Eg likar den plassen på grunn av at det er fin utsikt»</p> <p>«Det er veldig fin utsikt»</p>
Dale skule	<p>Møteplass</p> <p>Svømming*2</p>	<p>«Her symjer eg»</p> <p>«Det er veldig gøy med symjing»</p>
Kommentar til skuleveg		<p>«Skulevegen min er bra»</p> <p>«Vegen er ganske svingete»</p>

Barnetråkkregistreringar på Stanghelle (5. og 7. klasse)

Når registreringa vart gjort gjekk elevar frå Vaksdal på Stanghelle skule i avvente av ferdigstilling av den nye skulen. Oppsummeringa av registreringa er difor delt i to; ein tabell med registreringar frå Stanghelle og ein tabell med registreringar frå Vaksdal.



Figur 1: Barnetråkkregistreringar av 5. trinn på Stanghelle skule



Figur 2: Barnetråkkregistreringar av 7. trinn på Stanghelle skule

Stad	Symbol	Kommentar
Follavika	Svømming Svømming	«Fin bade plass» «Bra plass å bade»
Botnavikje	Fin bygning Ballspill	«Fyret er ein plass i nærleiken her»
Børsvikje	Svømming	
Sør på Åsen	Fin skog*3 Fin utsikt Ski Aking	«Det er ein stor skog» «Det er ein fin plass å gå»
Agnavike	Liker *2 Fint sted Svømming*17 Vil endre Fint sted*5 Fin park *2 Utrygg Møteplass *2 Mørkt Søppel	«Agnavike er ein fin plass og eg liker meg der. Det er ingenting eg vil at de skal forandre på og eg vil at de aldri skal ta Agnavike vekk. Eg elsker å vere der» «Agnavike er ein fin plass» «Det er ein bra plass å bade» «Symjing er gøy i Agno» «Bade på stranda ikkje trening» «Symjing» «Symjing» «Bra symje plass» «Det er gøy å symje og bade i Agnavika» «Det er ein fin plass å symje» «Nokon laga ein stor veg ved stranda...» «Fullt av glasbrot og boss, men fint» «Agnaviko er ei lita strand» «Agno» «Fin park» «I Agnavike er det ingen sikkerheitsvakt. Det vil eg at det skal bli»
Endeveg V/Sjøfront	Fin bygning	«Bygningane er veldig fine»
Vågslia	Fin bygning Lekeplass Fin bygning Misliker *2 Utrygg *2	«Huset mitt» «Not good» «Glatt og skeiv» «Veldig glatt»
Eikestølen	Lekeplass Trafikk *10 Fin utsikt Vil endre	«Leikeplass»
Ballbane Åslia/Eikestølen	Vil endre*7	«Bedre fotballbane» «Fotball banen er laget av grus hadde våre lettere og spille fotball på kunst grass. Og me trenger nye mål for dei er veldig slitt. Da ville folk ha spilt fotball der mykje meir»

		<p>«Fotball bane laget av grus hadde våre betre med kunst grass»</p> <p>«Fotball banen er grus det hadde våre bedre med kunst grass og nye mål»</p> <p>«Ny disse den er veldig slitt og nytt disse stativ for det er veldig slitt og planken over beveger seg fram og tilbake når du disser»</p> <p>«Disse er lagd av tre og nesten knekker. Hadde våre bedre med ny disse»</p> <p>«Bedre fotballbane»</p>
	Mørkt	
Åslia (nord)	<p>Lekeplass *2</p> <p>Ballspill</p> <p>Møteplass</p> <p>Fin bygning</p>	«Gard.....»
Ospeholtet	<p>Lekeplass *2</p> <p>Fin skog *2</p> <p>Fint sted</p> <p>Fin bygning</p> <p>Mørkt</p>	«Nice»
Sjinko	Fin utsikt	«Du kan sjå Stanghelle»
Åsen	<p>Fin utsikt *4</p> <p>Fin skog</p> <p>Utrygg</p> <p>Fin utsikt</p>	<p>«Det er fin utsikt på åsen»</p> <p>«Flott utsikt og ikkje langt å gå»</p> <p>«Det er fin skog på åsen»</p> <p>«Fordi du kan sjå heile Stanghelle»</p> <p>«Fin utsikt og fin tur»</p>
Mjelkevikjæ	Svømming *2	
Bruvegen (brua)	<p>Fin utsikt</p> <p>Liker</p>	«Stødig og fin bru»
Døso	<p>Vil endre *3</p> <p>Lekeplass</p> <p>Aking</p>	<p>«Litt rar og ikkje fint»</p> <p>«Basketballbane»</p> <p>«Denne grasplassen burde bli ein basketballbane»</p> <p>«Leikeplass»</p>
Barnehagen	Fin bygning	«Moderne ny barnehage»
Treshaugen	<p>Ønske</p> <p>Fin bygning</p> <p>Søppel</p>	<p>«Veldig bratt»</p> <p>«Huset mitt»</p>
Brekken	<p>Mørkt</p> <p>Trafikk</p> <p>Ønske</p>	«Snarveien e mørk»
Ardalsvegen	<p>Liker</p> <p>Lekeplass *2</p> <p>Fin park *2</p> <p>Trafikk</p> <p>Fin bygning</p>	<p>«Tog, tut tut»</p> <p>«Leikeplass»</p> <p>«Fin»</p> <p>«Det er ulovelig å kjøyre opp denne bakken men når du går geilt nede så er det vanskelig å sjå om bilar kjem nedover bakken. Ver så snill å sett opp eit trafikk speil slik at om nokon går der kan dei sjå om det kjem bil»</p> <p>«Huset mitt»</p>

	Fint sted Aking *4	«Fin plass å ake» «Leikeplass med aking» «Aking»
Trapper til Brekkjen	Mørkt Mørkt	«Trappane er mørke og skumle» «Trappane har ikkje lys»
Stanghelle skule	Trafikk Misliker *2 Støy Vil endre Mørkt *2 Søppel Trafikk *2 Vil endre Utrygg Fin bygning Liker Møteplass	«Skulen er kjedeleg» «Det bråker mykje i timen» «Eg vil riva skulen» «Lyset på skulen er dårleg» «Masse trafikk i trappane på skulen» «Altfor mange svingar. Dei køyrer for fort i Sedalen ved skulen» «Dei vaksne på skulen er farleg» «Skule» «Fint»
Skuleplassen/området	Ballspill *15 Møteplass *5 Lekeplass *7 Skateboard *4 Aking *7 Sykling *2 Støy Fint sted *2 Liker *4 Mørkt *2 Søppel Vil endre *3	«Her går eg på fotballtrening på tysdag, torsdag og av og til onsdag». «Fin bane» «Det er ei stor fotballbane» «Fotballbane» «Det er ein fin plass og spele fotball» «Fotballbana er god og spele fotball på» «Fotballbane Stanghelle skole» «Leikeplassen er kjekk» «Skole leikeplass» «Stanghelle skole har ein bra leikeplass» «Her er ein skatebane» «Akebakken på skulen» «Aking» «Bra akeplass» «Skulen er fin men karusellen er øydelagt og eg har lyst på ein ny karusell. Og for eit par veke sidan var det ei øydelagt disse. Den hadde blitt slitt ut. No er dissa fiksa men eg tykkjer at nokon burde sjekke meir om tinga me har på skulen er sikkert.» «Skule» «Eg vil ha lys på akebaken» «Det er søppel overalt» «Fotballbane = Badebaseng» «Eg vil endre karusellen på skulen»
Brekkjen	Lekeplass	«Stygg slitt leikeplass veldig dårleg plass»


	Liker	
Haugane	Utygg Lekeplass *2 Sykling Trafikk Fint sted *2	«Biler køyrer over fartsgrensa og sidelengs i svingar, truer med å filme deg viss du snakkar til de om det» «Det er en kjempestygg slitt leikeplass med ingenting å gjere» «Staden har allereie ein leikeplass men den er gamal og kjedeleg å leike på» «Du kan sykle mange plasser på Stanghelle men eg pleier å sykle på skulevegen» «Mange folk køyrer veldig fort her sjølv om det er eit skilt med <i>barnleker kjør forsiktig</i> » «Huset mitt er kjekt å vere med» «Fordi det er huset mitt»
Storafjellet	Fin utsikt	«Fin utsikt men tung tur»
Flatafjellet	Svømming Fin utsikt	«Fin badeplass» «fin utsikt»
Matbutikken	Møteplass *5 Liker Ønske Fin bygning Fint sted Støy Utygg Misliker	«Eg møter ofte venner utanfor butikken» «Bra møtestad» «Pleier alltid å møte opp med venner her med butikken» «Butikken er gøy fordi eg kan kjøpe gode greier» «Butikken er ein fin møteplass» «Eg liker butikken» «Eg liker ikkje at dykk skall fjerne butikken»
Barnehagen	Aking Lekeplass *2 Møteplass	«Aking i barnehagen» «Barne hage kan du leke og det er bra» «Barnehage leikeplass» «Me pleier å leike her»
Lågaskarvegen	Møteplass Fint sted *3 Mørkt Skateboard Aking Utrygg	«Fint sted å henge» «Heime» «Det er mørkt om vinteren fordi det er nesten ingen lykter der» «Her kan du ake, det er gøy» «Om du har litt for stor fart når du aker kan du skade deg nedst i bakken. Du kan treffe ei sandkasse»
Hellevegen/ Sædalen/Helle	Mørkt*7 Søppel Fin skog *5 Fin utsikt *2 Sykling Svømming Aking *2 Ski	«Det er ein fin skog men ikkje så stor. Og lamma liker å ligga under trea i lag» «Her er det gøy å ake om vinteren»
Dale skule	Fint sted Fin park Fin bygning	«Bra skule»

E16	Trafikk *fleire Støy	«Støy på E16»
-----	-------------------------	---------------


Skuleveggar

Skuleveg m. kommentar
«Det er ein rask veg med sykkel» «Eg veit ikkje om vegen er riktig med vegen min er ganske fin og eg tykkjer den er heilt ok for meg» «Skulevegen min er heilt fin» «Eg tykkjer at skulevegen min er bra nok for meg» «Fint»


Barnetråkkregistreringar på Vaksdal (5. og 7. klasse)




Figur 3: Barnetråkkregistreringar på Vaksdal av 5. trinn



Figur 4: Barnetråkkregistreringar på Vaksdal av 5. trinn



Figur 5: Barnetråkkregistreringar på Vaksdal av 7. trinn



Figur 6: Barnetråkkregistreringar på Vaksdal av 7. trinn

Stad	Symbol	Kommentar
Vaksdal kyrkje	Aking Ønske Fin bygning	«Gøy å ake med venner» «Betre bilveg forbi huset mitt»
Vaksdal skule	Møteplass Ønske Fin bygning*2	«Gøy å vere med venner på skulen» «Gleder med til å gå her» «Det er ein stor og fin bygning» «Kul»
Parken	Svømming*4 Liker *2 Fin park*5 Fint sted Lekeplass Fin utsikt	«Kolakaiaen er eit bra sted å symje» «Det er gøy der» «Det er ein fin stad å bade» «Fin park» «Klatreparken» «Fin stad å vere» «Fin plass å leike»
Trollkjelsbrua	Trafikk	«Når det kjem ein lastebil frå den eine sida får eg meg ikkje over vegen. Eg har ikkje kome meg over vegen 4 gonger og kom meg ikkje på skulen»
Botn	Søppel Støy Utrygg	«Inne i busskuret lukter det veldig dårleg og det går ikkje an å sitte inni på grunn av lukta» «Bråkete ungdom som tuller og køyrer bil» «Eg vert redd og stressa når ungdommane er der»
Bru over Vaksdalelva ved møllene	Vil endre	«Eg likar ikkje denne vegen»
Vaksdal mølle	Støy	
Vaksdal senter	Møteplass*7 Sykling*2 Søppel*2 Støy*2 Fin bygning Fint sted Liker	«Her er plassen alle møtes» «Om eg skal møte nokon vener ue så møtes me som oftast på butikk» «Møte med venner» «Butikken er ein bra møteplass» «Stor plass til å sykle» «Dette er ein stor plass til å sykle»
Botnavegen	Liker Fin bygning	«Heima» «Huset mitt»
Vegkryss E16	Trafikk	«Dei jobbar i tunnelen»
Vaksdal sjukeheim	Aking *6 Støy	«På sjukeheimen er det ein bakke og den er litt bratt. Det er gøy å leike der. Det er 2 bakker. Den eine er ikkje lov å køyre ned. Ein brakk foten der ein vinter» «Om vinteren aker me i akebakken med sjukeheimen» «Sjukeheimen jobber alt for lenge. Når me legg oss jobber dei fortsatt og då får eg ikkje sova»
Jamne	Skateboard Utrygg Mørkt*2 Støy	«Utrygge leikeaparater» «Her nede fungerer ikkje alle lysa»

	<p>Lekeplass*3</p> <p>Ønske Fint sted Fin bygning</p>	<p>«Her er SFOen min som vetlebror min går på tysdag og torsdag. Dei dagane henter eg han. Her oppe på sfoen er det også ein leikeplass. Den pleide før å stå på skulen, men no har dei reve skulen og byggjer ein ny»</p> <p>«Sikre leikeapparata»</p> <p>«SFO»</p> <p>«Her bur min ven. Eg liker huset»</p>
Jamnelia	Liker	«Liker huset mitt»
Nethovdane	Mørkt	«Skummelt når det er mørkt»
Samholdvegen	<p>Fin bygning*2 Fint sted Misliker*2</p> <p>Liker*2</p>	<p>«Huset mitt»</p> <p>«Det er mange snegler»</p> <p>«Her er det ein slags snarveg. Den kaller me for sneglevegen fordi det er mykje sneglar her om sommaren. Denne vegen er skummel å gå åleine»</p> <p>«Huset mitt»</p> <p>«Her er ein anna snarveg som eg eigentleg liker, men når det regner vert den glatt og eg skliar nesten»</p>
Trollkjelsvegen	<p>Mørkt</p> <p>Støy</p> <p>Trafikk</p>	<p>«Det er veldig mørkt på vinteren fordi det ikkje er lys der. Du ser nesten ingenting»</p> <p>«Dei pleier å bygge veldig ofte og då får eg ikkje sove eller på grunn av lastebilar eller når toget tuter»</p> <p>«Her står det av og til lastebilsjåførar og har pause. Det liker eg ikkje fordi om det kjem ein lastebil til frå møllene kan det bli kork»</p>
Vaksdal stasjon	Fin park	
Kaivegen	<p>Liker*3</p> <p>Fin skog Fint sted</p> <p>Fin bygning</p> <p>Sykling Svømming *2</p>	<p>«Her er ein undergangstunnel og der er postkassen min. Av og til henter ein av sykene mine posten og det liker eg ikkje fordi det er MIN jobb!!»</p> <p>«Her er naustet mitt. Der liker eg å bade om sommaren»</p> <p>«Her er det ein liten og fin skog»</p> <p>«Her er dokkehytta som no vert brukt til sykkelparkering»</p> <p>«Huset mitt er veldig fint»</p> <p>«Mitt hus er veldig fint»</p> <p>«Anbefalt for alle å ta seg ein tur inn på dette naustet. Det er fritt fram å besøkje. Eigarane elsker besøk»</p> <p>«Her bader eg men eg tør ikkje symje for langt ut fordi det er skummelt. Tenk om det er hai der»</p>
Flytebryggje ved møllene	Sømming	
Flordalen	<p>Fin utsikt Fin skog*3 Fint sted Fin bygning Liker Sykling</p>	<p>«Eg ser rett ned på heile Vaksdal frå huset mitt»</p> <p>«Over huset mitt»</p> <p>«Huset mitt»</p> <p>«Huset mitt»</p> <p>«Huset mitt»</p>

		«Det er veldig gøy å sykle ned alle bakkene. Det er litt skummelt fordi ein ikkje ser om det kjem bil på grunn av to hus»
Bryllupshaugen	Svømming Trafikk	
Sildaskjeret	Svømming*2 Trafikk Liker Fint sted	«Det er gøy»
Skreia	Fint sted Fin utsikt Fin skog Svømming Sykling Støy	«Det er ein fin sykkelveg» «Tog»
Krekane	Fint hus Liker *2	«Mitt hus» «Min ven»
Vaksdal idrettspark	Lekeplass *2 Ballspill *5 Ønske*2 Liker *3 Mørkt	«Me kan møtast i barnehagen» «Ein liten leikeplass men ein gøy om du venter på nokon» «Fotballbane» «Fotball» «Fotball» «Dette er den beste plassen å spele fotball» «At fotballbana vart vøla» «Fiksa fotballbana» «Det er ein fin plass å vere og spele fotball» «Stor plass» «Det er veldig mørkt om kvelden»
Vaksdal barnehage	Fin park *2 Fint sted *3 Fin bygning Møteplass *3 Leikeplass Ballspill*1	«Fint klatrestativ og dissar» «Barnehage» «Barnehagen» «Her pleie me å leika»
Tvesporvegen	Vil endre Mørkt *2 Liker*2 Fin utsikt	«Kan dykk skaffe lyktestolpar her» «Det er mørkt» «Min ven» «Fin utsikt»
Bjørkhaugen	Fin skog*2 Fin utsikt*2	«Ein fin stad å vere» «Ein fin stad å vere» «Det er nesten utsikt over heile Vaksdal»
Bogo	Fin skog *4 Fint sted Søppel Utrygg Vil endre Mørkt *2 Støy *2 Misliker	«Veldig fin natur. Fin tursti som er litt bratt» «Søppel over alt» «Slemme folk» Vegar på Bogo» «Skummelt» «Skummelt å gå» «Alt for mykje støy» «Hater Bogo»

	Ønske*2	«Liker ikkje Bogo» «Alle lysene virker ikkje. Det er skummelt der»
Vaksdalsgarden	Søppel*4 Fin park Fint sted*2 Trafikk Lekeplass	«Ny skule» «Skule»
Sørfjorden	Fint sted Svømming*2 Utrygg	

Kommentar til skuleveg

«Det er ikkje så godt å gå på fordi det er grus og steinar på vegen på grunn av byggingen av skulen og det er ikkje så mykje lys men det er litt»
«Den er bra»
«Vegen min er bra»



VAKSDAL KOMMUNE

Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2023 - 2026

VEDTAKSDATO
VAKSDAL KOMMUNE

Innhald

Bakgrunn og føremål	1
Medverknad	1
Fysiske trafikktryggleikstiltak	2
Generelt om fysiske tiltak.....	2
Fartsgrense	2
Fartshumpar	2
Gangfelt	2
Fortau, gang- og sykkelveg	2
Vegljos	3
Drift og vedlikehald	3
Økonomi og gjennomføring	3
Fysiske tiltak i Vaksdal kommune.....	4
Dale skule	6
Eksingedalen oppveksttun	10
Stamnes oppveksttun.....	13
Stanghelle skule.....	15
Vaksdal skule	17
Prioriterte fysiske tiltak i perioden 2023-2026.....	22

Bakgrunn og føremål

Trafikktryggleiksplan for Vaksdal kommunen 2022 – 2025 vart vedteke av Kommunestyret 10.05.2022. Målsetjinga er at det i planperioden maksimalt skal vera null drepne og null hardt skadde i trafikken i Vaksdal kommune. I planen står det at kommunen skal:

- «årleg utarbeide prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak på kommunal veg, og gjennomføra desse innanfor eksisterande økonomiske rammer»
- «ha ei prioriteringsliste for trafikktryggleikstiltak på fylke og riksveg, og med årleg rullering»

Kommunen har ansvar for å følge opp prioriteringar på kommunale vegar medan fylkeskommunen og Statens vegvesen tar utgangspunkt i kommunens trafikktryggleiksplanar når dei gjer prioriteringar på deira vegar.

Kommunen kan søkje om midlar til trafikktryggleikstiltak hos staten og fylkeskommunen. For å få tildelt midlar frå fylkeskommunen, er oppdatert trafikktryggleiksplan eit kriterium.

I følgjande dokument finn ein prioriterte trafikktryggleikstiltak som Vaksdal kommune skal arbeide for å gjennomføre i planperioden 2023 - 2026. Dokumentet vart utarbeidd i 2022 og vert årleg revidert.

Medverknad

I 2022 vart ålmenta invitert til å sende inn innspel til fysiske trafikktryggleikstiltak i nærområdet gjennom kunngjering i Vaksdalposten, på sosiale medium og kommunen si nettside. Det vart og sendt ut invitasjon til skular, barnehagar og «vel- foreiningar».

Kommunen har særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå born og unge, jf. Pbl. §5-1. Born og unge har vore i fokus, og det har vore gjennomført medverknadsmetoden «[Barnetråkk](#)» ved fleire skular i kommunen. Gjennom Barnetråkk får ein kartfesta kva vegar som vert nytta til skulen og kva stader born og ungdom liker og ikkje liker, samt kva ynskjer dei har for endring av desse stadane.

«Den er fin og den er trygg»

- Elev om skulevegen

«Mange folk køyrer veldig fort her sjølv om det er eit skilt med barn leiker køyr forsiktig»

- Elev om skulevegen

Fysiske trafikktryggleikstiltak

I arbeidet med fysisk trafikktryggleik vil det vere viktig å sikre trygge skuleveggar og leggje til rette for mjuke trafikantar, spesielt born, unge og personar med funksjonsnedsetting. Tilrettelegging og stimulering til auka ferdsle av mjuke trafikantar vil og bidra til å betre folkehelsa og redusere klimagassutsleppa. I trafikktryggleiksarbeidet med E16 vil det vere viktig at det fysiske arbeidet med K5, ny E16 mellom Arna og Stanghelle, kjem raskt i gang. Dette gjeldt og reguleringsplanarbeidet og prosjektet vidare mot Voss.

Generelt om fysiske tiltak

Nedanfor følg ein kort gjennomgang av effektar av nokre fysiske tiltak retta mot mjuke trafikantar som ofte vert nytta og etterspurt. Gjennomgangen er basert på Transportøkonomisk institutt sin [Trafikksikkerhåndbok](#) og [Effektkatalog for trafikksikkerhetstiltak](#).

Fartsgrense

Undersøkingar syner at ulykkesreduksjonen for alle trafikantgrupper vert redusert når ein reduserer fartsgrensa. Ein endring i fartsgrense frå 50 til 30 km/t vil redusere tal drepne og hardt skadde med -42% og -30%. Tilsvarende tal er -36% og -26% der fartsgrensa vert redusert frå 80 til 60 km/t¹.

Fartshumpar

Fartshumpar vert utforma slik at om lag 85% av førarar køyrer ved eller under fartsgrensa. Humpar reduserer ulykkesrisikoen for alle trafikantgrupper med -30%². I kategorien fysisk fartsregulering finn ein mellom anna og dumper (fordjupingar i køyrebana), innsnevringar (reduisert breidde på køyrebana) og rumlefelt (skiftningar i vegdekket som medfører vibrasjonar og lyd). Etablering av fartshump eller anna fysisk fartsregulering nær gangfelt vil og vere eit viktig tiltak for fartsreduksjon og sikker kryssing.

Gangfelt

Gangfelt, oppmerka fotgjengarovergangar der køyretøy har vikeplikt, har vist seg å redusere ulykkesrisikoen for kryssande fotgjengarar med -22%³. Det er viktig med god tilrettelegging og fysisk utforming av kryssingsstadar, som t.d. gjennom å senke fartsnivå for køyretøy, utbetre sikta, lage opphøga gangfelt og leggje til rette for at fotgjengarane krysser i sjølve gangfeltet- og ikkje utanfor.

Fortau, gang- og sykkelveg

Skilnaden på fortau og gang- og sykkelveg er at gang- og sykkelvegen er fysisk skilt frå bilveg med grasplen, grøft, gjerde, kantstein eller på anna måte.

Fortau reduserer ulykkesrisikoen med rundt -40%. Når ein ser på ulykker der fotgjengarar tidlegare gjekk langs vegen vert risikoen redusert med -88%⁴. Etablering av gang- og sykkelveggar syner derimot liten reduksjon i tal ulykker. Årsaka er hovudsakleg auka mengde gåande og syklande og at det oppstår konflikantar mellom desse. Å byggje separate anlegg for syklistar, som t.d. sykkelfelt og fortau kan vere viktige tiltak dersom ein ser stor trafikk mellom mjuke trafikantar til fots og på sykkel⁵.

¹ [mal rapporter \(toi.no\)](#) side 22

² [3.12 Fysisk fartsregulering - Trafikksikkerhåndboken \(tshandbok.no\)](#)

³ [3.14 Kryssingsmuligheter for fotgjengere - Trafikksikkerhåndboken \(tshandbok.no\)](#)

⁴ [3.3 Fortau og gågater - Trafikksikkerhåndboken \(tshandbok.no\)](#)

⁵ [mal rapporter \(toi.no\)](#) side 5

Det kan og sjåast nærare på snarvegane i kommunen og utbetring av desse. Snarvegar vert ofte nytta av born og unge som kan møte på ulike utfordringar gjennom året, som t.d. attgroing om sommaren og gjørmete, glatte og nedsnødde stiar under hauststormane og på vinteren.

Vegljos

Nye strekningar meg vegljøs- og utbetring av dårleg belysning reduserer ulykkesrisikoen for alle trafikantgrupper. Tal ulykker blant fotgjengarar er i gjennomsnitt -45% lågare på vegar med belysning enn vegar utan. I fotgjengarovergangar er reduksjonen funne til -70%⁶. Ved utarbeiding av nye strekk med vegljøs bør difor kryssingsstadar prioriterast.

I Vaksdal kommune er det Eviny som har ansvar for drift og vedlikehald av vegljøsa langs kommunal veg. Alle kan melde inn mørke vegljøs til [Eviny](#).

Drift og vedlikehald

Drift og vedlikehald av eksisterande vegar er viktig for å sikre at tilstanden og forholda langs vegen er trygge. Dette inneber mellom anna fornya vegdekke, rydding av vegetasjon, og vinterdrift som t.d. brøyting og strøing.

Økonomi og gjennomføring

På fylkes- og riksvegar er det fylkeskommunen og Statens vegvesen som finansierer tiltak. På kommunale vegar skal kommunen sjølv bidra med midlar til tiltak. Einskilde tiltak kan likevel vere samarbeidsprosjekt, uavhengig av vegtype.


Fysiske trafikktryggleikstiltak i denne planen skal innarbeidast i økonomiplanen. Tiltaksdelen av trafikktryggleiksplanen skal rullerast årleg, noko som skal skje i samband med arbeidet med årleg økonomiplan, og koordinering opp mot søknadsfrist for midlar til trafikktryggleikstiltak som kommunen kan søkje på frå t.d. fylkeskommunen og Staten.

⁶ [1.18 Vegbelysning - Trafikksikkerhetshåndboken \(tshandbok.no\)](#)

Fysiske tiltak i Vaksdal kommune

Gjennom vurderingar av nye og eldre innspel og gjennomgang av eksisterande planar er det kartlagt fleire punkt og strekningar der det er behov for fysiske trafiktryggleikstiltak.

Kartlegginga er delt inn i fem område med utgangspunkt i lokalisering av skulekrinsane Dale skule, Eksingedalen oppveksttun, Stamnes oppveksttun, Stanghelle skule og Vaksdal skule (Figur 1).




Figur 1: Skulane i Vaksdal kommune markert i oransje

Denne delen av dokumentet inneheld ei kartfesta oversikt over område som krev fysiske trafiktryggleikstiltak på kommunal, fylkeskommunal og statleg veg. I framstillinga er det lagt ved kommentarar frå Barnetråkkregistreringa. Det er ikkje utført barnetråkkregistreringar for alle klassar og ein har difor ikkje fullstendig kartlegging over kva vegar som vert nytta som skuleveg og kva tankar alle borna har til desse. Det er ikkje registrert innspel eller særskilde trafiktryggleikstiltak i dei områda som ikkje er merka i kartet. Trafikktryggleik er eit omfattande tema og lista er ikkje uttømmende.

Vidare vert dei trafikkale utfordringane og tiltaka fordelt på dei fem skulekrinsane i kommunen og framstilt på kart og i tabell. Kva utfordring/tiltak som vil prioriterast høgast vert sett ut frå fargekodane og vurderingskriteria som følgjer:



Prioritet	Vurderingskriterium	Fargekode
Høg prioritet	Større risiko for uynskte hendingar for mjuke trafikantar og transport av skuleelevar.	
Middels prioritet	Middels risiko for uynskte hendingar for mjuke trafikantar og transport av skuleelevar.	
Lågare prioritet	Mindre risiko for uynskte hendingar for mjuke trafikantar og transport av skuleelevar. Vanskeleg å få på plass realistiske løysingar. Går under haldningsskapande tiltak.	


Ei kort vurdering av utfordringane knytt til kommunale vegar vil og verta framstilt i tabellane. [Norgeskart](#) er nytta som kartverktøy og framstillinga i kartet har følgjande teiknforklaring:



Dokumentet vert avslutta med ein investeringsplan for prioriterte tiltak på kommunal veg og ei oppsummering av prioriterte tiltak på fylkesveg. Tiltak med ein kostnad < 100.000 kr vert samla i ein felles pott for «mindre kostbare tiltak» i investeringsplanen. Kva tiltak som ligg under denne kategorien vil syne i oversikten over dei kartfesta utfordringane.

Dale skule





Dale skule vart opna i 2020 og ligg i den nordleg delen av kommunesenteret, Dale sentrum. Dale skule er kommunen sin største skule med både barneskule (1. til 7. klasse), og ungdomskule (8. til 10. klasse). Barneskulen har elevar frå Bergsdalen og Dale, medan ungdomskulen har elevar frå store delar av kommunen. Elevane på ungdomstrinnet har mellom anna E16 som skuleveg.

Nr	ID	Kvar	Utfordring/tiltak
1	KV1075	Dalegarden	Gjenstående tiltak frå eksisterande skiltplan for Dale - 40km/t sør og aust for Arnpro. Status: Vedtatt – midlar er sett av. Vert gjennomført.
2	KV1023	Geitabakken	Gjenstående tiltak frå eksisterande skiltplan for Dale - m.a. 40km/t frå Sandlivegen v.bru til Geitabakken. Status: Vedtatt – midlar er sett av. Vert gjennomført.
3	KV1006	Eikhaugen	Gjenstående tiltak frå eksisterande skiltplan for Dale - m.a. 30km/t sone Eikhaugen. Status: Vedtatt – midlar er sett av. Vert gjennomført.
4	M.a. KV1017 FV5400	Dale sentrum	Gjenstående tiltak frå eksisterande skiltplan for Dale - m.a. 30km/t sone Dale sentrum og ein fartshump i Dalseiddalen. Status: Vedtatt – midlar er sett av. Vert gjennomført.
5	KV,FV, PV	Skyttar plassen	Gjenstående tiltak frå eksisterande skiltplan for Dale - m.a. 30km/t sone Skyttarplassen. Status: Vedtatt – midlar er sett av. Vert gjennomført.
6	KV1017 KV1004	Dale skule	Kollektivterminal ved Dale skule, inneheldt m.a. tilrettelegging for mjuke trafikantar ved Dale skule. I høyringa kom det inn forslag om trafikktryggingstiltak i lauvgardsvegen, i utanfor planområdet. T.d. fartshumper og fotgjengarovergang. Status: Reguleringsplan vedtatt. Kostnadar vert tatt opp i kollektivterminalplanen. Vurdering: Løysingar for heile området må sjåast i samband med detaljprosjekteringa.
7	KV1009 KV1028 KV1023	Dale sentrum - Turbinen	Gang- og sykkelveg/fortau frå Dale sentrum til Turbinen. Status: Ferdigstilt vår 2023
8	KV1003	Dalevegen	To nye jernbanestolpar for kraftleidningar har gjort vegen smalare enn tidlegare. Breidda på vegen kan vere ei ulempe for mjuke trafikantar, born som går til skulen, og utrykkingskøytøy. Vurdering: Haldningsskapande tiltak - oppmoda mjuke trafikantar til å gå om Kalvekroken.
9	KV075 E16	Dalegarden	Fortau tar slutt etter busstoppet ved E16. Tiltak for trygg tilkomst frå busstopp på Dalegarden og inn til Shell, gjenbruksstasjon og anna. Vurdering: Område med mindre ferdsle av skuleelevar/ikkje skuleveg.
10	KV1003	Dalegarden	Fartsreduserande tiltak gjennom område med bustadar tett opp mot vegen.



			Vurdering: Vegen har skilta 30 km/t- sone. Område med mindre ferdsle av skuleelevar.	
11	KV1075	Dalegarden	Fylket har etablert GS-veg/fotgjengarfelt frå busstoppa på E16. Det er ikkje kryssingspunkt over kommunalveg. Vurdering: Gangfelt og skilt Kostnad: Mindre kostbart tiltak	
12	KV1004	Dalseiddalen	Dei fyrste fartshumpene i Dalseiddalen er låge og ikkje oppmerka. Vurdering: Ein fartshump som er fjerna kan sjå ut som ein for liten hump. Fartshump som manglar vil bli etablert, sjå nr. 4.	
13	KV1023	Sandlivegen	Vegilos frå Geitabakken til brua over Daleelva. Vurdering: Vegen har lågt trafikkgrunnlag.	
14	FV5400	Storefossen	Utfordring knytt til sikta langs FV 5400 grunna mykje vegetasjon. Spesielt ved Storefossen der det stort sett berre er sikt frå sving til sving. Nokre stadar ligg vegetasjonen inn i vegbana slik at delar av køyrebana ikkje kan nyttast.	
15	FV5400	FV5400	Vegetasjon, jord, steinar og strøsand fyller store deler av grøfta langs fylkesvegen og fører til at vatn renn ut i vegen. Vatn i vegbana fører til vassplaning og glatte vegar vinterstid. Fleire stader med lyspunkt, spesielt ved Storefossen for å auke sikkerheita til mjuke trafikantar.	
16	FV5400	Storefossen-Svedna	Strekning frå Storefossen og ned til Svedna. Utsett område for steinsprang og snøras. Rassikring. Fareskilt i forkant av sikring. Myrke vegar, spesielt vinterstid, skaper utfordring for mjuke trafikantar som går langs Bergsdalsvegen frå Dale til Storefossen. Betre belysning og kvitmalning i tunnelen.	
17	FV5400	Kvamsto-tunnelen	Oppforde turgåarar opp til Storefossen om å bruke refleks og bruke ytre side av vegen både opp og ned. Ynskje om at slik haldningsskapande tiltak kan verte gjort gjennom skilting framfor Kvamstotunnelen.	
18	FV5400	Øyaberget	Fare for stein og is i vegen. På vinterstid vert det danna isflater på fjellsida som kan losna og rase ut i vegbana. Innspel på skilting og nettinggjerde som tiltak mot isen.	
19	FV5400	Fosse	Utsett område for skred/ras. Rassikring. Fareskilt i forkant av sikring.	
20	FV5400	Fosse	Fylkesvegen er i generelt dårleg forfatning. Fleire plassar «sklir» vegen ut. Spesielt på Fosse er veghøgda så stor at nokre bilar må legge seg på feil side av vegbana når dei passerer. Ynskje om asfaltering.	
21	FV5400	Berge	Trygge passeringa forbi Bergsuret med tanke på ras frå lausmassar i fjellsidene. Ynskje om geologisk undersøking for å sjå på kva tiltak som kan gjerast – gjeldt alle dei rasutsette områda i Bergsdalen.	


KV: kommunalveg

FV: fylkesveg

PV: privatveg

Eksingedalen oppvekststun






Eksingedalen oppveksttun er lokalisert på Bergo, om lag 50 km frå Dale. Oppveksttunet er ei samlokalisering av skule og barnehage, og grunna lang avstand til næraste kommunale ungdomskule er det og ungdomstrinn her. Skulevegen til borna er hovudsakleg FV5410 og FV5389 - Eksingedalsvegen.

Nr	ID	Kvar	Utfordring/tiltak	Merknad frå Barnetråkk
22	FV5410	Eksingedalen oppveksttun	Tiltak for trygg kryssing for skuleelevar og mjuke trafikantar av FV mellom ballbana og Eksingedalen oppveksttun. Born og elevar krysser vegen både i skuletida og på fritida.	Ynskje om fartshump. Ballbana vert nytta av elevane. Born nyttar fylkesvegen til og frå skulen og i fritida. Dei nyttar mellom anna sykkel.
23	FV5410	Bergo	Fartsreduserande tiltak langs FV på Bergo, spesielt med omsyn til tuna som ligg like ved vegen. Smal veg der det ofte vert opplevd trafikantar i stor fart. Eksingedalen oppveksttun nyttar ofte vegen til tur og fleire busette, både born og vaksne, går til og frå oppveksttunet kvar dag. Tiltak kan sjåast i samanheng med nr. 22.	Born nyttar fylkesvegen til og frå skulen og i fritida. Dei nyttar mellom anna sykkel.
24	FV5410	Bergokulten	Behov for sikringsnett. Stein og is dett ned i vegbana.	
25	FV5410	Bergo v/ Vetletjørna	Muren mellom vegbana og elva/Vetletjørna sig ut. Det syner godt på vegbana.	
26	FV5410	Bergo vest	Frå ferista og 300 meter i retning Binningsbø. Manglande sikring mot vatnet. Her er vatnet djupt, steinar og murar på oppsida sig ned mot vegbana. Strekinga må utvidast og sikrast både mot terrenget ovanfor og mot vatnet.	
27	FV5410	Binningsbø	Manglande sikring mot vatnet. Vegbana ligg heilt på kanten mot vatnet.	
28	FV5398	Brakestad	Manglande sikring mot elva. Her ligg vegen heilt på elvekanten.	
29	FV5398	Trefall/ Røyrdaalen	Låg og manglande støypekant. Her er det opp til 10 meter ned i ur/elv.	
30	FV5410	Fosse	Ved stor vassføring sender Fossefossen vatn i vegbana. På vinteren/ved minusgrader gjev dette speglatt vegbane. Det vert opplevd lang reaksjonstid frå melding om glatt veg, til utført strøing/at vegen ikkje vert strødd i tide. Innspel om betre vintervedlikehald og skilting.	
31	FV5410	Flatekvål	Flatekvålfossen – tilsvarande nr. 30.	

Stamnes oppveksttun



Stamnes oppveksttun er ei samlokalisering av skule og barnehage med lokalisering i Sanden, om lag 12 km frå Dale. Skulevegen til borna er hovudsakleg FV569 – Eidslandsvegen.

Nr	ID	Kvar	Utfordring/tiltak	Merknad frå Barnetråkk
32	KV1105	Stamnesvegen	Ynskje om vurdering av fartsgrensa på strekninga mellom vegkryss til FV/Eidslandsvegen og opp forbi dei fyrste tuna. Det er opplevd auka trafikk med høg fart, m. a. grunna fleire som skal gå tur til Middagshaugen. Vurdering: Redusert fartsgrense. Status: Mottatt tilskot. Vert gjennomført.	
33	KV1103	Vikavegen	To stk. pågåande utglidingar av vegbane etter krysset frå FV/Eidslandsvegen og opp mot Hesjedalen. Vurdering: Utbetre utgliding av vegbane, nytt rekkverk og asfalt. Status: Vert gjennomført.	
34	FV569	Eidslandsvegen	Tryggare skuleveg på FV569, spesielt med tanke på rassikring. Fylkesvegen er trang og går under bratte fjellsider. Spesielt ved store nedbørsmengder kan det komme steinar i køyrebana. Innspel på heile fylkesvegen, men det vert peika på vegen mellom Stamnes skule og Kallestadbrua, og eit parti ved Otterstadneset som sig ut der det bør gjerast andre tiltak enn å fylle på asfalt.	Skuleveg for fleire born. Born sykklar langs vegen.
35	FV569	Eidslandsvegen	Tilsvarande nr. 34. Eit av fleire parti langs fylkesvegen som er utsett for is og stein i vegbana.	
36	KV1105 KV1101	Stamnesvegen Straume	Tryggare skuleveg. Vegane er mørke og vert nytta til skuleveg. Vurdering: Vegljøs. Kostnad: Tiltak over 100.000 kr. Status: Vert gjennomført jf. vedtak i sak 89/2022.	Barnetråkk syner at KV1101, på Straume, er skuleveg.

Stanghelle skule





Stanghelle skule ligg i Brekkjen, aust på Stanghelle. Skulen har klassetrinn frå 1. til 7. klasse og to SFO avdelingar. Frå skulen er det tilkomst til heile Stanghelle utan at ein må kryssa verken jernbane eller hovudveg. Elevane nyttar hovudsakleg kommunale vegar til skulen.

Nr	ID	Kvar	Utfordring/tiltak	Merknad frå Barnetråkk
37	KV1036 KV1038	Naustbakken- Teigavegen	Fjerne innkøyring forbode og einvegskøyring. Vert opplevd som ein omveg i tillegg til at krysset Teigavegen/ Lauvgardsvegen vert opplevd uoversiktleg, hovudsakleg grunna vegetasjon/hekk. Vurdering: Fjerning av einvegskøyring vil ikkje auke trafikktryggleiken. Oppmoda til å klippa hekk, m.a. gjennom eiga hekkbrosjyre .	Strekninga er nytta som skuleveg. Det vert og opplevd at det er vanskeleg å sjå om det kjem bilar ned frå Naustbakken om ein går langs Ardalsvegen. Ynskje om trafikkspeil i krysset.
38	KV1041	Kryss Bruvegen/ Neset/Vågslia	Det manglar kryssingsmoglegheit for mjuke trafikantar på nordvestleg side av brua på Stanghelle (mot Tettaneset). Her møtes vegane Vågslia, Neset og Bruvegen. Vurdering: Gangfelt og skilt. Vegen vil få auka trafikk når byggjefelt vert utbygd. Born nyttar vegen til skule og Agnavika.	Skuleveg for fleire born. Tilkomstveg til Agnavika, som vert nytta av mange.

			Kostnad: Mindre kostbart tiltak		
39	KV1044	Kryss Vågslia/ Agnavikhaugen	Innspel på kryssingsmoglegheit for mjuke trafikantar i Vågslia. Vurdering: Krev fortau på andre sida av vegen for å etablere gangfelt. Det er ikkje areal langs vegen til å realisere dette. Evt. andre løysingar må vurderast.	Skuleveg. Born misliker vegen, dei opplev den trafikkert og dei føler seg utrygge.	
40	KV1041	Kryss Bruvegen/ Haldorbrekka	Når ein køyrer over Brua/Bruvegen, i retning Stanghelle stasjon, vert det opplevd at mur/støypekant gjev redusert sikt ned til Haldorbrekka. Vurdering: Låg fartsgrense, fartshump, gangfelt og vikeplikt på strekningen bidreg til at bilistar må køyre forsvarleg.		
41	KV1036	Kryss Lågskarvegen	Når ein tar av frå E16 og køyrer inn på KV1036/Lågaskarvegeng vert det opplevd at grasvoll/støyskjerm gjev redusert sikt vidare inn i Lågaskarvegen. Vurdering: Fortauet er på andre sida av krysset. Strekningen før krysset vert ikkje nytta av mjuke trafikantar.		
42	PV99077	Tettaneset	Mange bilar står parkert langs vegen og skapar uoversiktlege situasjonar. Kan bli ei utfordring mtp. auka tal bueiningar. Forslag til parkeringsplassar aust for strekninga. Vurdering: Haldningsskapande tiltak.		

Vaksdal skule





Nye **Vaksdal skule** vart teken i bruk ved skulestart hausten 2022. Skulen er bygd på same tomt som den gamle skulen låg og har elevar frå 1. til 7. klasse. FV5408 går gjennom nedre del av tettstaden Vaksdal og vil fungere som ein hovudveg som elevar anten må gå langs eller krysse for å komme opp til skulen.

Nr	ID	Kvar	Utfordring/tiltak	Merknad frå Barnetråkk
43	KV1089	Stavenesvegen	<p>Redusert fartsgrense og fartsreducerande tiltak/fartshumpar på Stavenesvegen, frå Stavenestunnelen på E16 til Stavenes. "Blindveg" skiltet ved inngangen til kommunal veg ved E16 er og forfallen og lite synleg. Ein opplev bilistar med høg fart og køar inn mot byen. Særleg søndagskveldar og ved ferielutt, er det ikkje uvanleg at frustrerte bilistar prøver å finne ein alternativ veg rundt Staveneset. Vegen er smal og ein finn fleire tun plasserte tett opp mot vegbana.</p> <p>Vurdering: redusert fartsgrense og fartshumpar. Kostnad: Tiltak over 100.000 kr.</p>	
44	FV5408	Botnavegen	<p>Planleggje ei permanent løysing for fortau/gang- og sykkelveg mellom Trollkjelsbrua og vegkryss til Vaksdal senter som vil erstatta dagens midlertidige løysing.</p> <p>Botnavegen, Trollkjelsvegen og Kaivegen er tilkomstveg for bilistar og mjuke trafikantar til Vaksdal stasjon og lastebilar til Norgesmøllene og Felleskjøpet AGRI. Strekinga er og ein skuleveg. Fleire lastebilar nyttar Botn når dei ventar på å koma til hos verksemdene, noko som kan skape uoversiktlege situasjonar for bilistar og mjuke trafikantar.</p>	Born nyttar vegen til skuleveg.
45	FV5408 KV1066 PV99646	Trollkjelsbrua	<p>Legge til rette for mjuke trafikantar på og ved Trollkjelsbrua. Ikkje alltid like lett for born å vita kvar og korleis dei skal krysse brua. Manglar kryssingspunkt for mjuke trafikantar frå Trollkjelsbrua og opp mot den gamle brannstasjonen. Smalt og uoversiktleg. Smalt fortau over sjølve brua.</p> <p>Vurdering: Haldningsskapande tiltak – oppmoda mjuke trafikantar til å nytte Botnavegen og ny G/s- veg til skule/Vaksdalgaarden.</p>	<p>Born nyttar vegen til skuleveg.</p> <p>Born har opplevd det vanskeleg å kryssa vegen når det kjem lastebilar.</p>
46	KV1062 FV5408	Samholdvegen	<p>Manglar kryssingspunkt for mjuke trafikantar i vegkrysset frå Samholdvegen og over Trollkjelsvegen. Uoversiktleg vegkryss. Det står ofte lastebilar langs vegen som ventar på å komme ned til møllene på Vaksdal. Vegen vert mykje nytta av mjuke trafikantar til og frå skule og togstasjon.</p>	<p>Born nyttar vegen til skuleveg.</p> <p>Det er fleire snarvegar på veg ned til krysset.</p>

			<p>Vurdering: Gangfelt og fortau opp Samholdvegen kan auke menga mjuke trafikantar langs Trollkjelsvegen. Haldningsskapande tiltak – oppmoda mjuke trafikantar/skuleelevar om å nytte Jamnevegen/Jamne.</p>	
47	KV1062 FV5480	Samholdvegen G/s-veg	<p>Dagens bom til gang- og sykkelveg er øydelagt/står open. Syklende born kan komme i stor fart ut på fylkesvegen. Det er ikkje kryssingspunkt over fylkesvegen.</p> <p>Vurdering: Fikse bom. Status: Gjennomført.</p>	
48	FV5408	Trollkjelsvegen	<p>Innspel om rekkverk/gjerde langs fortau frå Trollkjelsbrua og ned til krysset ved Samholdvegen. Smalt og uoversiktlege parti. Stundom står lastebilar oppå gangvegen og på fortauet når dei ventar på å komme ned til møllene. Når lastebilar møtes vert gangvegen stundom nytta for at det skal bli plass til at lastebilane skal kunne køyre forbi kvarandre. Føresette ber born gå om Jamne framfor Trollkjelsvegen når dei skal til skulen. Kan sjåast i samanheng med nr. 42, 43 og 47.</p>	<p>Born nyttar vegen til skuleveg.</p> <p>Born er bekymra for at det skal komme lastebilar og skape «kork».</p>
49	FV5408	Botn	<p>Reetablere kyss og køyr i Botn. Eksisterande kyss og køyr er avgrensa i samband med bygging av ny gangveg til Vaksdal skule.</p> <p>Status: Reetablert.</p>	Born nyttar vegen til skuleveg.
50	PV1054 KV1054	Jamnevegen	<p>Uoversiktleg vegkryss der det vert opplevd at bilistar køyrer fort. Ein bratt privat veg møtes i krysset. Fleire born nyttar denne, stundom med sparkesykkel/akebrett og anna som gjer at dei kjem med høg fart inn i krysset. Innspel på ein eller fleire fartshumpar, eller fysiske hinder for born på veg ned bakken.</p> <p>Vurdering: Ny fartshump. Kostnad: Mindre kostbart tiltak.</p>	
51	KV1054	Jamnevegen	<p>Innspel på at dei inste fartshumpane er for låge. Det vert opplevd at bilistane ikkje treng bremsa når dei køyrer over.</p> <p>Vurdering: Ny fartshump vert etablert på strekningen og vil bidra til fartsreduksjon, sjå nr. 48.</p>	

52	E16		Fartsmålarar som målar gjennomsnittsfart på E16 gjennom kommunen.	Born tykkje det er mykje trafikk på vegen	
53	KV1050	Bryllupshaugen	Det er ofte parkeringar langs vegen og på møteplassar som kan hindre framkomst for utrykkingskøyretøy. Vurdering: Kan gje ulempe for mjuke trafikantar og utrykkingskøyretøy. Haldningsskapande tiltak.	Vert brukt til skuleveg og på fritida. Born opplever trafikk på strekninga negativt.	
54	PV1071	Vaksdal skule	Born spring ut i vegen frå skuleplassen. Tiltak for å senke farten for born ut frå skuleplassen. Vurdering: Tiltak for å senke farten. Kostnad: Mindre kostbart tiltak.	Vaksdal skule vert mellom anna omtalt som møteplass	
55	PV1071	Vaksdal skule	Tiltak for å hindre at bilar og mopedar køyrer inn på skuleplassen. Vurdering: Innkøyring forbode skilt. Kostnad: Mindre kostbart tiltak.	Vaksdal skule vert mellom anna omtalt som møteplass	
56	PV99646	Vaksdal mølle	Tilkomstveg for trailerar til mølla. Kan oppstå uønskte situasjonar for mjuke trafikantar som nytter vegen som tilkomstveg til parken og Kolakaien. Vurdering: Haldningsskapande tiltak.	Born liker å vere i parken og på Kolakaien.	

Prioriterte fysiske tiltak i perioden 2023-2026

Tabellen under syner fysiske trafikktryggleikstiltak på kommunale og private vegar av høg og middels prioritet. Tabellen syner året tiltaket er tenkt gjennomført og sum i heile 1000 kr. Prioriterte tiltak på kommunal veg som ikkje syner i tabellen er enten vedteken og avsett midlar til, eller ligg under kategorien «mindre kostbare tiltak» i investeringsplanen.

Investeringsplan for tiltak på kommunale vegar						
Nr	Veg	Tiltak	Kostnad	2024	2025	2026
43	Stavenesvegen	Redusert fartsgrense og fartshumpar	140	140		
	Mindre kostbare tiltak		260	95	85	80
Sum				235	85	80
Potensielt trafikktryggingstilskot (inntil 50 %)				117,5	42,5	40
Kommunale kostnader			400	235	85	80

Tabellen under syner prioriterte trafikktryggleikstiltak på fylkeskommunale vegar. Vaksdal kommune spelar inn innkomne utfordringar til fylkeskommunen.

Prioriteringar på fylkesvegar		
Nr	Veg	Tiltak/Merknad
4	FV5400 – Konsul Jepsensgata	Skilting
14,16, 18,19, 21	FV5400 - Bergsdalsvegen	Vegetasjonsrydding, skred/rassikring, grøfterens, nødvendig skilting, belysning, asfaltering.
15, 20		
22,23, 24,25, 30,31	FV5410, FV5398 - Eksingedalsvegen	Fartsreducerande tiltak, kantsikring, utbetring av utsig, vintervedlikehald, skred/rassikring, asfaltering.
26,27, 28, 29		
34,35	FV569 - Eidslandsvegen	Skred/rassikring, utbetring av utsig.
44,47, 48,49	FV5408 – Botnavegen og Trollkjelsvegen	Vaksdal kommune ynskjer at fylkeskommunen løyser utfordringane langs fylkesvegen på Vaksdal. Alle dei kartlagde utfordringane langs strekningen omhandlar mjuke trafikantar og kommunen ynskjer at fylkeskommunen ser utfordringsbilete i heilskap for å best mogleg leggje til rette for desse.